



VITENSKAPELIG
HØYSKOLE

Norwegian School of
Theology, Religion and Society

Messias av Athalantar

Ein analyse av trollmannen Elminster Aumar i lys av messiasprofetiane og Jesus

som Messias

Runar Larsen

Rettleiar

Professor Asle Eikrem

MF vitenskapelig høyskole for teologi, religion og samfunn,

AVH5065: Masteroppgåve i teologi (30 ECTS), haust 2022

Tal på ord: 20560



Forord

Fantasy er ein viktig del av livet mitt, og det har det vore lenge. Det er noko spennande ved å kunne drøyme seg bort i ein magisk fantasiverden når kvardagen blir litt mykje (eller litt lite). Difor er eg òg veldig takksam for å ha mogelegheit til å bruke eit heilt semester på å jobbe med akkurat den tematikken. Denne oppgåva handlar om fantasy litteratur, men for meg er fantasy så mykje meir. Det er litteratur, men samstundes er det òg film, musikk, dataspel, rollespel og kreativ hobby. Det er noko som inspirerer livet mitt, og ikkje minst er ei hjelp til å finne inspirasjon i teologistudiet. Eg har funne mykje motivasjon til å ønske å jobbe med både språka og bibelforskinga ved at eg òg kan drøyme meg litt bort i den verda som me finn i bibellitteraturen.

Motivasjonen for denne oppgåva har vore mykje, men ein spesielt viktig motivasjon har vore diskusjon som eg har sett på sosiale mediar, knytt til å bruke populærkultur i gudsteneste. I tillegg har eg tru på at fantasyforteljingane kan lære oss noko nytt om Gud. For meg er dette eit svar på kritikk, men og i tillegg ein måte å nyansere ein del fordømmar, som eg som fantasyinspirert møter. Og i arbeid med denne oppgåva har eg òg lært mykje innanfor fagfeltet eg har skrive om, og det sett eg utruleg stor pris på.

Eg har mange å takka, og eg kan først starte med min rettleiar, professor Asle Eikrem. Det har vore fint å hatt han som vegleiar. Han har vore til god hjelp og verkeleg vist meg at dette er noko som er verd å jobbe med. Eg sitt igjen og tenkjer at eg har gjort noko meiningsfylt, sjølv om det er ein veldig nichè ting. Like eins må eg takka mine medstudentar som eg har jobba saman med. Å sitte i kantina og ha nokon å snakke med mellom skriveøktene har vore motiverande og fint. Det har vore hjelpsam å dele tankar og oppløftande ord med kvarandre. Eg vil òg takka familien min og venene mine, som har vore positiv og oppløftande gjennom det hele.

Ein spesiell takk må eg gje til to grupper. For det første, sjølv om eg har skrive om Dungeons & Dragons, så har det vore ein god pause å spele Dungeons & Dragons saman med gjengen i MF-Brik. Nesten kvar veke har me møtt opp ein gjeng, med terningar, figurar, penn og papir, for å dra ut på sprø oppdrag. Oppmuntrande og inspirerande har det vore. I tillegg må eg takka gjengen på ArmorWorkshop på Bitraf i Oslo. Kvar søndag har eg kopla heilt av frå master, og brukt tida mi saman med ein flott gjeng og har laga eit Star Wars kostyme. Det har vore

spennande, lærerikt og oppmuntrande å kunne jobbe på, og fullføre dette prosjektet. Dei har vore ein god gjeng med godt humør, som har heia meg igjennom to store prosjekt denne hausten. Og kostyme blei ferdig og blei godkjent inn i kostymegruppa 501st Legion, og masteroppgåva blei ferdig til slutt den òg. Stort har dette året vore, og det på ein god måte!

Takksam er eg for det eg har fått til gjennom denne hausten, og ikkje minst, mogelegheita til å kunne jobbe med eit slikt prosjekt som denne masteravhandlinga har vore!

Samandrag

I moderne fantasyforteljingar er det ikkje unormalt å finne parallellar til bibellitteraturen. Det kan vere forteljingar med likskapar, karakterar som liknar, motiv og anna. Ein normal trope i moderne fantasy er Den utvalde, ein karakter, gjerne hovudkarakter, som har blitt utvald til å gjere ei stor og viktig oppgåve. Denne tropen kan minne ein del på det ein kjenner frå bibellitteraturen som Messias. I Dungeons & Dragons universet kan ein sjå på trollmannen Elminster som Den utvalde. Ut frå dette kan ein spørje om Elminster er ein frelseskikkelse slik som Messias, og om det er fellestrekk mellom han og Jesus som Messias.

I denne oppgåva skal eg gjere ein narratologisk analyse, med innslag av semiotisk analyse, av boka Elminster: The Making of a Mage. Her møter me den unge Elminster Aumar, som går frå å vere ein ung sauegjetar, til å utvald av gudinna Mystra og sagra over dei vonde magikarfyrstane som styrer i lande hans. I tillegg skal eg gjere greie for messiasprofetiane, og korleis Jesus oppfyll desse. Dette vil eg bruke til å drøfte korleis Elminster oppfyll messiasprofetiane, og samanlikne dette med forståelsen av Jesus som Messias. Det eg finn ut her er at Elminster oppfyller messiasprofetiane da han frigjer landet Athalantar frå dei vonde magifyrstane og blir Mystras utvalde. Derimot gjer han det på ein anna måte enn Jesus, og det er nokre likskapar, men òg ein del forskjellar mellom Elminster og Jesus som Messias.

Innholdsliste

1	Introduksjon	1
1.1	Material: Dungeons & Dragons.....	1
1.2	Elminster.....	3
1.3	Oppgåvas problemstilling.....	4
1.4	Oppgåvas struktur.....	4
2	Metode.....	6
2.1	Hermeneutikk	6
2.2	Narratologi.....	10
2.2.1	Forfattarar og lesarar	10
2.2.2	Tid og rom.....	13
2.2.3	Aktantmodellen	14
2.2.4	Tema og motiv	15
2.3	Dramaturgi.....	16
2.4	Semiotikk.....	16
2.4.1	Kode og kodebrot	18
2.5	Oppsummering av metode.....	19
3	Messianisme og Kristologi.....	20
3.1	Jesus som Messias	22
3.1.1	Punkt 1: Messias skal fri folk frå undertrykking.....	22
3.1.2	Punkt 2: Messias skal vere ein konge.....	24
3.1.3	Punkt 3: Folket skal gjenforeinast.....	25
3.1.4	Punkt 4: Messias kjem ved endetida	26
3.1.5	Punkt 5: Messias skal vere gitt av Gud.	27
4	Analyse av Elminster	29
4.1	Forgotten Realms: Viktige grunntrekk ved bøkene univers	29

4.2	Elminster: frå ung gjetar til mektig trollmann	31
4.3	Roller, prosjekt og kommunikasjon.....	34
4.4	Tema: Hemn eller fridom?.....	36
4.5	Er Elminster Den Utvalde?	37
5	Elminster som Messias	39
5.1	Messias skal fri folk frå undertrykking.....	39
5.2	Messias som kommande konge.	40
5.3	Folk skal gjenforeinast.....	42
5.4	Messias som endetidsskikkelse	43
5.5	Messias skal vere gitt av Gud, da Gud er den som salvar.	45
5.6	Er Elminster ein Messias?	46
6	Oppsummering	48
6.1	Elminster som Den utvalde.....	48
6.2	Elminster som ein frelseskikkelse	48
6.3	Elminster og Jesus	49
6.4	Teologien, fantasy og populærkultur.....	50
7	Litteratur.....	52

1 Introduksjon

Mykje av moderne fantasy har blitt påverka av religiøse førestillingar som finns i det vestlege samfunn. Ein kan finne spor av myter frå forskjellige kulturar, men ofte kristne motiv òg. Klassiske døme på fantasyforteljingar kor kristendomsmotivet står sterkt er Harry Potter, Tolkien og Narnia. Dette er forteljingar som er ein viktig del av dagens populærkultur, i alle fall i vesten, og kor forfattaranes religiøse ståstad har hatt stor innflyting på å forma desse forteljingane.

Ein ting som ofte er brukt i fantasyforteljingar er tropen *Den utvalde*. Dette er ein karakter som på ein eller anna måte er vald til å gjennomføre ei heroisk oppgåve, som har stor betydning for forteljinga. Ofte er Den utvalde si oppgåve sjølv plottet i forteljinga, og Den utvalde er gjerne hovudkarakteren. Harry Potter er eit godt døme på dette. Den utvalde sitt oppdrag er òg gjerne noko som har betydning for heile forteljingsverden, og på ein slik måte har ein kosmisk betydning. Til dømes oppdraget til Den utvalde i Star Wars universet, som skal føre krafta tilbake i balanse.

For dei som har kjennskap til Bibelens forteljingsunivers, kan den populærkulturelle tropen Den utvalde minne om Jesus, som er kommen til verden for å oppfylle det som blir kalla messiasprofetiane. Messiasprofetiane er ei rekke profetiar som blei tolka ut frå profetbøkene i Den Hebraiske Bibelen, som kristne kallar Gamle Testamentet, om at Gud skal sende ein redning til sitt folk, som er undertrykka og lid. Det er mange aspektar ved desse profetiane som kan vere interessante å drøfte opp mot ulike utvalde i fantasy litteraturen. I forlenging av dette, er det òg interessant å samanlikne Den utvalde som ein messias karakter med Jesus som Messias, og spør kor like er dei?

1.1 Material: Dungeons & Dragons

Fantasy er ein populær sjanger, og det finns mange forskjellige fantasyforteljingar i mange format. Eit slikt format er fantasyrollespel, som til dømes Dungeons & Dragons. Dungeons & Dragons er eit *pen-og-papir rollespel* eller *bord rollespel* (på engelsk *tabletop role-playing game*). Dette er eit spel kor ein person, som gjerne blir kalla *gamemaster (GM)* eller *dungeonmaster (DM)*, fortel ein forteljing, der dei andre spelarane er hovudkarakterane i forteljinga. DM er den som har kontroll over det som skal skje i forteljinga, alle karakterar som

ikkje er spelt av nokon rundt bordet, forteljingsverda og reglane. Spelarane utforskar verda og forteljinga, og samhandlar med karakterane som er der. Når ein spelar gjer noko, så fortel DM kva som skjer. Dungeons & Dragons er ikkje ein forteljing, men eit form for medium som forteljingar kan forteljast gjennom. Det er meir eit verktøy til å fortelje forteljingar, og det er opp til DM å bestemme seg for ein forteljingsverden, ofte kalla *setting*, som forteljinga skal ta del i, og kva eventyr som skal spelast.

På mange måtar så skil ikkje dette så mykje frå rollelek, som barn driver med. Barna leker ofte at dei er karakterar i eit anna univers (eller for så vidt òg i vår verden). I slike rollespel gjer ein mykje det same, men ein sitt gjerne rundt eit bord og seier kva karakterane gjer, i staden for å spille det heilt ut. Slik kan det virke veldig uskyldig. Likevel har Dungeons & Dragons vore knytt til satanisme, og blitt skulda for å vere grunnlag for både mord og sjølv-mord, sjølv om det var lite som tyda på at det var noko link mellom rollespelet og episodane.¹ Dette starta med at ein student forsvann frå Michigan State University i 1979, og etterforskarane ga skylda på rollespelet.² Tanken var at spelet gjorde det vanskeleg å skilje mellom verkelegheita og fantasi, noko som førte til at ein mistar verkelegheitsforståing, og blei fanga i fantasiverda. Etter kvart kom det fleire innvendingar mot fantasyrollespel, slik som at det var eit satanistisk rituale eller religiøs praksis knytt til ein heilt eigen religion.³ Fleire kristne leiarar kom på banen og uttala seg om at det å spele fantasyrollespel var ein måte å fornekte Gud på, da det å late som å vere ein karakter i ein anna verden var å sei at den skapte verden ikkje var god nok. I staden for å nyte den verden me lev i, vil ein heller leve i ein fantasiverden der forfattarane har utelate Gud.⁴ Forholdet mellom religion og populærkultur er med andre ord komplekst og lada med sterke kjensler. Dungeons & Dragons er ein av mange populærkulturelle uttrykk som har blitt svartelista på slik måte, og det er eit godt døme på korleis kjensler har styrt kritikken, framfør det å sette seg inn i tematikken. Sjølv om motstanden mot Dungeons & Dragons har gått ned, og spelet er meir populært enn nokon gong, så finns det framleis kritikk mot det. Det kan difor vere verd å underlegge det eit analytisk blikk, slik at ein kan få eit meir nyansert bilete av

¹ Joseph P Laycock, *Dangerous Games: What the Moral Panic over Role-Playing Games Says about Play, Religion, and Imagined Worlds*, 1st ed. (Berkeley: Berkeley: University of California Press, 2015), <https://doi.org/10.1525/j.ctt13x1hs5>.

² Laycock, *Dangerous Games*. S. 25

³ Laycock, *Dangerous Games*. S. 22

⁴ Laycock, *Dangerous Games*. S. 24

Dungeons & Dragons. For mange, spesielt unge, har det blitt ein viktig og sosial fritidsaktivitet, og da er det òg viktig at me ikkje fordømmer det basert på kjensler, men heller prøve å få eit betre bilete av kva det dreier seg om.

1.2 *Elminster*

Dungeons & Dragons er som sagt ikkje ein fantasyforteljing eller eit fantasyunivers. Det er eit medium kor ein i fellesskap kan fortelje fantasyforteljingar. Det er opp til den som har rolla som DM å bestemme kva univers forteljinga skjer i, og som har mest makt over forteljingas overordna gang. Men spelarane er òg med på å påverke forteljinga med å bestemme kva dei ønskjer å gjere. Det heile er eit samarbeid for å saman utvikle og oppleve ei forteljing.

DM bestemmer kor handlinga i spelet skjer. Dette blir gjerne kalla ei *setting*. Ei setting kan vere DMs egen fantasyunivers eller det kan vere eit univers som nokon andre har skapt. Til dømes kan ein spele Dungeons & Dragons i J.R.R Tolkiens Midgard, ved hjelp av setting *Adventures in Middle-Earth*. Det finns òg fleire settingar som blir rekna som offisielle, det vil sei settingar som eigarane av Dungeons & Dragons, Wizards of the Coast, og tidligare eigarar, TSR, har brukt til å publisere eventyr. Døme på desse er Grayhawk, Eberron og Forgotten Realms. Av desse er Forgotten Realm blitt det mest brukte, og er ofte det som blir rekna som «Dungoens & Dragons verdenen».

Forgotten Realms blei utvikla av Ed Greenwood, og har blitt brukt som setting i mange forskjellige medium. Til dømes er den brukt til dataspel, som Neverwinter og Baldur's Gate, romanar og romanseriar, slik som bøkene om Drizzt og Elminster. Det er skrive tekneseriar i denne verda, og ikkje minst eit breitt utval av Dungeons & Dragons spel. Ed Greenwood sin hovudkarakter i Forgotten Realms er trollmannen Elminster Aumar. Han er ein utruleg gammal trollmann, som har blitt utvald av gudinna Mystra. Elminster starta som ein mystisk karakter som Greenwood brukte i sine spel, og etter kvart skreiv han ein bokserie om livet hans. I den første boka, *Elminster: The Making of a Mage*, møter me ein ung Elminster som blir utvald av magigudinna Mystra til å fri riket sitt frå vonde magikarar. Her får me sjå korleis Mystra møter Elminster, og gjer han til ein utvald, og korleis Elminster kjempe mot urett og undertrykking i landet sitt. Dette er tema som er teologisk interessante fordi dei liknar tema som ein kan finne i religiøse førestillingar, ikkje minst i bibellitteraturen.

1.3 Oppgåvas problemstilling

I denne oppgåva skal eg sjå på karakteren Elminster med hovudfokus på boka Elminster: The Making of a Mage. Her vil eg hovudsakleg stille tre spørsmål. For det første, i kva forstand kan me forstå Elminster som utvald? For det andre, i kor stor grad kan me sjå på Elminster som ein frelseskikkelse? Og for det tredje, i kor stor grad liknar han så på Jesus som Messias?

For å finne ut av dette vil eg gjere ein *narratologisk analyse* av The Making of a Mage, det vil seie å analysere forteljinga som blir fortalt i boka. Eg vil òg inkludere litt *semiotikk*, det vil sei teiknteori. Begge desse analysemetodane vil eg gjere greie for i kapittel 2, som handlar om metode. Vidare skal eg sjå på omgrepet Messias, kor det kjem frå og kva det inneber. Her skal eg òg gjere greie for Jesus som Messias. Etter det skal eg sjå på Elminster. Det vil eg gjere i to deler. Først sjå på forteljingsuniverset Forgotten Realms, som Elminster er ein del av, før eg går vidare til å analysere hans rolle i boka The Making of a Mage.

Det er fleire grunnar til at eg har valt Elminster som mitt analyseobjekt. Eg kunne jo til dømes valt meir kjende karakterar frå meir kjende fantasyforteljingar, slik som Frodo i Ringenes Herre eller Harry Potter, men desse karakterane er det allereie skrive mykje om. Dette er òg karakterar som er kjend at er inspirert av Bibelforteljinga. Det er derimot ikkje kjend at Ed Greenwood bevisst har latt seg inspirere av noko bibelsk karakter når han har skrive om Elminster. Likevel kan det vere mogleg å finne parallellar til bibellitteraturen. Kristendommen er ein viktig del av kulturen i den vestlege verden, og bibelforteljingar har lenge spelt, og spelar framleis ei viktig rolle i kulturen vår. Difor er det heller ikkje utenkjeleg at den framleis har innflyting på populærkulturen, og motiver og førestillingar frå den blir, bevisst og ubevisst, brukt kreativt, i populærkulturen.

1.4 Oppgåvas struktur

I det neste kapittelet skal eg gjere tre ting. Eg skal sjå på hermeneutikk, narratologi og semiotikk. Hermeneutikk er teori om teksttolking. Om dette vil eg hovudsakleg gjere greie for nokon forskjellige perspektiv for å vise at det er forskjellige måtar å forstå tekst på, som vil vere relevant for korleis eg vidare skal jobbe med teksttolking. Vidare skal eg gjere greie for narratologisk analyse som metode. Her vil eg leggja fram den metoden som eg hovudsakleg skal bruke gjennom denne oppgåva. Til sist skal eg gjere greie for nokon moment innan semiotisk analyse, som eg og vil komme innom i løpet av oppgåva.

I kapittel 3 skal eg presentere den kulturhistoriske bakgrunnen for *messianisme* og *kristologi*, som eg seinare vil analysere Elminsterskikkelsen ved hjelp av. Med messianisme meiner eg det som omhandlar messiasprofetiane. Eg vil her gjere greie for kva desse profetiane inneber. Med kristologi så meiner eg korleis Jesus er ein Messias. Her vil eg ta utgangspunkt i det eg gjer greie for om messianisme, og sjå på Jesus i lys av det.

Kapittel 4 har to hovuddeler. Først skal eg gjere greie for forteljinguniverset *Forgotten Realms*. Dette er eit stort og komplisert fantasyunivers, så eg vil berre ta for meg grunntrekk som er relevante for oppgåva. Her vil kjeldene mine vere diverse rollespelbøker som tar for seg settinga *Forgotten Realms*. Det inkluderer regelbøker til forskjellige utgåver av *Dungeons & Dragons* og bøker som direkte skildrar *Forgotten Realms* settinga, for at ein kan bruke den i spelet. I tillegg vil eg her bruke nokon artiklar frå magasinet *Dragon*, som er eit offisielt magasin for *Dungeons & Dragons*. I fleire utgåver av dette magasinet har Greenwood sjølv skrive artiklar, kor han gjer greie for *Forgotten Realms*, og for *Elminster*. I andre delen skal eg analysere *Elminster: The Making of a Mage*, så her vil boka vere hovudkjelda. Eg skal likevel òg her supplere med nokon artiklar av Greenwood. I tillegg til å gjere greie for forteljinga om *Elminster*, så vil eg òg drøfte om, og korleis, ein kan forstå han som Den utvalde.

I siste kapittelet vil eg drøfte i kva grad *Elminster* oppfyll messiasprofetiane, og samanlikna det med Jesus som Messias. Dette vil skje som ein samtale mellom det teologiske kapittelet, kor eg gjorde greie for messianisme og kristologi, og analysekapittelet, kor eg har gjort greie for og analysert *Elminster*. Det er i dette kapittelet at eg vil svare på Dei tre forskningsspørsmåla.

2 Metode

For å analysere desse forteljingane, vil eg i hovudsakleg bruke narratologisk metode, men supplere noko med semiotikk. I dette kapittelet vil eg gjere greie for desse metodane. Men først vil eg gjere greie for nokon hermeneutiske perspektiv. Sjølv om dette ikkje er noko som kjem til å bli drøfta vidare i oppgåva, så er det viktig å forstå kva måtar ein kan møte ein tekst på, og kva min ståstad er når det kjem til å forstå forteljinga eg skal analysere. Etter det skal eg gjere greie for moment innan narratologisk og semiotisk metode.

2.1 Hermeneutikk

Når ein jobbar med tekst, er det mange forskjellige måtar å tolke tekst på.⁵ Ytterpunktene kan eksemplifiserast med E. D. Hirsch på eine sida og R. Barthes på andre. Hirsch meiner at tekst har ein objektiv meining, som aldri endrar seg. I denne posisjonen er tekstens meining allereie gitt, noko som gjer at lesarens arbeid ikkje er å finne kreative måtar å forstå teksten på, men heller berre ta imot den meininga som ligg ferdig formulert i teksten. I andre enden seier Barthes at tekst er meint for lesarens nytning. Her er det meir fokus på lesarens oppleving enn på at teksten har ei allereie gitt meining som lesaren må leite etter. Lesaren skaper meining i møtet med teksten, framfor å hente ut ein meining som allereie er der. Desse to ståstadene er jo ytterpunkt, og det vil òg vere vanskeleg å bruke dei universalt. Det finns mange forskjellige typar tekst, som har blitt skriva med forskjellige intensjonar, og som blir brukt i forskjellige kontekstar og til forskjellige formål. Til dømes kan Hirsch sin tolkingsmodell vere ein relevant måte å tolke Noregs lovar når ein brukar dei i ein rettssak, da ein lov er skriva med ein intensjon av å bli forstått på bestemte måtar, og brukt i spesifikke kontekstar. Sjølv om lovar òg må tolkast til tider, så er målet med ein lov at den skal vere så klar og så tydeleg, slik at alle forstår den likt når den blir brukt til det formålet den blei skriva for. Den blei skriva med ei meining, som lesaren av lova skal kunne finne igjen. I andre enden kan eit døme vere dikt. Eit dikt bruker fargerikt språk, som er ope for eit breitt spekter av tolkingar. Når diktaren let andre lese diktet, så har det allereie fått mange meiningar. Her kan det jo seiast at ein kan jo bruke ein lov på ein kreativ måte inni eit dikt, men da vil den òg vike frå sitt formål. Da kan òg forfattarens intensjonar bli mindre viktig. I tillegg kan jo ein òg spørje om forfattarens meining og

⁵ Til dette og det følgjande, sjå Werner G. Jeanrond, *Theological Hermeneutics : Development and Significance* (London: SCM Press, 1994). S. 95-97

intensjonar bak eit dikt, men da må ein gjerne òg finne ut meir om forfattaren, for det er ikkje sikkert det kjem fram direkte i diktet. Det heile er avhengig av type tekst og formål ein les teksten for.

Eit utbreidd, og mykje diskutert, tolkingsperspektiv er det post-strukturalistiske tolkingsperspektivet. Ein av dei fremste innanfor denne posisjonen er Jacques Derrida. Tanken her er at det finns ikkje noko utanfor teksten som ein kan forankre tekstens meining i. Tekstens meining er flytande, og vil alltid vere i endring. Det er fordi den er satt saman av ord og teikn som berre får meining i møte med ein kontekst, til dømes ved ein lesar i ein bestemt sosial situasjon. På same måte vil teksten i seg sjølv òg få meining når den får ein kontekst. Utan kontekst er teikn, ord og tekst ingenting. Tekstens meining blir først skapt når teksten blir satt inn i ein kontekst. Difor er det heller ingen objektiv meining i teksten, for ein objektiv referanseramme finns ikkje. Me har berre tilgang til våre subjektive referanserammer når me les ein tekst. Og i tillegg til at forskjellige menneske har forskjellige referanserammer, så er enkeltmenneske òg alltid i endring. Meininga eg finn i ein tekst no, er ikkje den same som andre før eller etter meg har funne. Og eg finn heller ikkje nødvendigvis same meining neste gong eg les same teksten. Dei meiningane eg finn, er det heller ikkje sikkert at mine venner finn, eller andre menneske med min utdanning og mine interesser. Og for større avstand det er mellom forskjellige referanserammer, jo større forskjell kan det vere på meiningane folk finn i teksten.⁶ For dette tolkingsperspektivet er meining altså både kontekstuel, og stadig i endring.

Dette kan ein knytt saman med den *hermeneutiske sirkel*. Dette er ein skildring av korleis tolking skjer, kor ein knytt forståinga av heilskapen saman med forståinga av delane. For å kunne forstå heilskapen, det kan vere tekst, bilete, film eller noko anna, så må me forstå delane som det er satt saman av. Men samtidig så kan me ikkje forstå delane, utan å forstå kva rolle dei spelar i heilskapen. I tillegg har me gjerne ein forkunnskap, som fargar korleis me forstår både delane og heilskapen når me møter dei. Til dømes, når ein les ein forteljing, slik som den forteljinga som me skal sjå på i denne oppgåva, så har ein gjerne eit sett med forkunnskapar frå før, som til dømes kan vere ting ein har høyr, erfart eller kjenner frå andre stader. Når me møter teksten, ser me først delane, men lar vår forståing av dei bli farga av forkunnskapane. Og når me har komme til slutten, så ser me heilskapen. Men da får me òg eit nytt blikk på delane, da me

⁶ Jeanrond, *Theological Hermeneutics*. S. 102-104

har sett kva funksjon dei har spelt for sluttresultatet. Og da får me og nytt bilete av heilskapen. Slik går denne sirkelen rundt og rundt. Kvar gong me les teksten så oppstår det noko nytt. Me får ny forståing av både delane og heilskapen etter kvart. Dette går rundt i ein sirkel.⁷

Alle tekstar er ikkje like. Difor har me og vald å kategorisere dei ved bruk av sjanger. Sjanger er ein måte for oss lesarar å forstå korleis me skal tolke ein tekst. Når me forstår tekstens sjanger, blir me òg bevist på korleis me skal stille oss til den. Og når me les ein tekst som me veit er ein konkret sjanger, til dømes eit brev, så har me forventningar til denne teksten. Eit brev har ein spesifikk form, som dei fleste kjenner igjen. Dersom ein tek imot eit brev som ikkje har denne forma, vil ein bli forvirra.⁸

Sjanger er ein viktig faktor i tolking, da sjanger er med på seie noko om formål med teksten. Her kjem dømet med lovar igjen. Når me ser ein tekst som er ei lov, så seier den allereie her noko til oss om kva formål teksten har. Hirschs posisjon kan fungere godt når ein lesar lover. Ein lov er skriva med den intensjonen å bli forstått på spesifikke måtar. Sjølv om ein kan tolke ein lov basert på kor tydeleg den er skriva, så er det lite rom for å lese mellom linjene når den blir brukt til ein domsluting i ein rettsak. Dei fleste lovar er skrivne for å bli oppfatta med ein tydeleg intensjon av dei som brukar lova til det som er lovas primære formål. På den andre sida vil dikt trekke meir mot Barthes forståing av tekst. Eit dikt er ein anna sjanger enn lov, og der ein forventar at ein lov seier oss noko konkret, gjerne om noko er lovleg eller ulovleg, så forventar me gjerne at eit dikt har lausare og meir fargerikt språk. Dette gjer at når ein lesar les eit dikt, så skjer det ein tolking hos lesaren, som gjev meining for den, mens same diktet kan forståast og gje ein heilt anna meining hos andre lesarar. Me forventar at dikt bruker verkemiddel som gjer at me skal lese meir enn berre det som står, og da skjer gjerne det hos lesaren når ein lesar eit dikt. Det er ikkje slik at ein av desse posisjonane er alltid den riktige, men det er eit spenn av moglege måtar å forstå tekst på etter kva type tekst ein les.

Når me no vidare skal sjå på forskjellige typar tekst, så vil me òg bli naud til å bruke forskjellige måtar å tolke tekst på. Til dømes er bibeltekstane både historiske tekstar, i den forstand at dei er vitne om noko som skal ha skjedd (i alle fall er det mange som trur det), samtidig som desse

⁷ Jeanrond, *Theological Hermeneutics*. S. 5-6

⁸ Jeanrond, *Theological Hermeneutics*. S. 86-87

hendingane er tolka både av forfattarane og av menneske i ettertid, fordi ein meiner det seier noko sant om livet. Dette blir gjerne kalla forkynt historie.⁹ Når det kjem til slike tekstar, kan det for mange vere vanskeleg å sei at forfattarens intensjon bak teksten ikkje har noko å seie. Sjølv om bibeltekstane gjev forskjellig mening til forskjellige menneske, er det framleis tekstar som er skriva fordi forfattarane av desse tekstane hadde ein intensjon med dei. Verden bak teksten, altså den verden som teksten er skriva i, kan vere viktig for å forstå korleis ein skal forstå slike tekstar, spesielt om ein er opptatt av forfattarens intensjonar. Så når me ser på kristologi, så er det i kontekst av at det er relevant for vår verden og vårt liv, skriva av ekte menneske i sin kultur.

Skjønnlitteratur derimot er ikkje historiske tekstar. Dei er skriva i mindre grad for å seie noko sant om verden, og er ikkje skriva for å dokumentere noko som har skjedd i vår verden. Dei er i større grad meint for underhaldning. Difor nærmar skjønnlitteratur seg meir Barthes posisjon. Sjangeren fantasy, som forteljinga vår er, er i tillegg gjerne satt i ein heilt anna verden, som fungerer med heilt andre reglar. I ei slik setting blir spørsmål om kor verkeleg eller sanne hendingane i tekster er i forhold til vår verden, heilt irrelevant, sidan verden i teksten er ein heilt anna en forfattarens eller lesarens verden. Derimot kan den framleis skape mening hos lesaren. Den kan til dømes seie noko sant om godt og vondt. Difor er det heller ikkje berre ein tolkingsmåte som er riktig, da teksten ikkje dokumenter noko som faktisk har skjedd i vår verden. Her er det rom for kvar enkelt lesar å finne mening basert på kva briller ein har, og eventuelt vel å bruke.

I tillegg skal det seiast at kva spørsmål ein stiller er relevant for korleis ein tolkar ein tekst. Dette kan vere knytt til brillene ein les teksten med. Er ein til dømes interessert i forfattarintensjonen, utviklinga av teksten eller tolkingshistoria? Det er forskjell på å spørje korleis teksten var forstått hos overklassen i mellomalderens Europa, og korleis den blir forstått bland feministteologar i USA. Forfattarintensjonen, og tolkingshistoria, kan vere vanskeleg å seie noko om når det kjem til moderne fantasy litteratur, da det er avhengig av kor utbreidd, kor mykje det er snakka om, og kor mykje ein veit om forfattaren, men veldig relevant i bibelforskning, og kan likevel overførast. Det er til dømes forskjell på korleis eg som luthersk

⁹ Reidar Hvalvik, *Den Store Fortellingen : Om Bibelens Tilblivelse, Innhold, Bruk Og Betydning* (Oslo: Det Norske bibelselskap, 1999). S. 409-410

teolog og korleis ein muslim vil tolke ein tekst. Og eg som heterofil mann og ein LGBT+ person har òg forskjellige briller å lese med. Ikkje minst har det noko å seie kva me er opptatt av. Eg som teolog tolkar populærkulturelle uttrykk gjennom teologbrillene mine, medan ein ateist ikkje nødvendigvis har desse brillene. Det betyr ikkje at ikkje me begge kan finne mening i ein historie.

Kva forfattaren meinte i ein tekst kan vere interessant, men ikkje nødvendigvis alltid relevant. Enkelte typar tekst har ein intensjon som kan komme fram, men det er likevel avhengig av korleis ein skal bruke teksten. Dersom ein vil bruke tekst som har eit formål, til det gitte formålet, så kan det i alle fall gi mening å snakke om riktige og feil tolkingar. I ein skjønnlitterær tekst kan ein derimot diskutere kor vidt det er riktige eller feil måtar å tolke på. I staden for å sjå på riktig og galt, vil eg påstå at det er betre å leite etter ei meningsfull tolking, slik at me kan finne mest mogleg mening i tekstane ein jobbar med.

2.2 Narratologi

Ein forteljing kan komme i mange format. Det kan til dømes vere ein skrifteleg tekst, ein film, ein song eller ein lett blanding av alle desse. Det som gjer det til ein forteljing er, slik Jostein Gripsrud definerer det, «...en fremstilling av et menneskelig (eller menneskelignende) subjekt som har et prosjekt (vilje, ønske, begjær) og som gjennomlever en kjede av kausalt samenhengende begivenheter.»¹⁰ Desse hendingane er det ein kallar *fabula*, og dei blir framstilt for oss mottakarar gjennom det som blir kalla *susjett*. Fabelen er det som faktisk skjer, medan susjettet er slik det er framstilt for oss. Og me har berre tilgang til fabelen gjennom susjettet, og me rekonstruerer fabelen når me høyrer eller lesar susjettet.¹¹ Slik er det me får tilgang til ein forteljing.

2.2.1 Forfattarar og lesarar

Når ein skal analysere forteljingar så jobbar ein med verk som er skrive av ein forfattar, som gjerne har sine intensjonar med det som skjer i forteljinga. Når ein tolkar tekst så kjem det eit

¹⁰ Jostein Gripsrud, *Mediekultur, Mediesamfunn*, 5. utg. (Oslo: Universitetsforl., 2015). S. 194

¹¹ Gripsrud, *Mediekultur, mediesamfunn*, S. 201

spørsmål om kor vidt ein skal forholde seg til forfattaren og dens intensjonar. I narratologien snakkar ein om faktisk forfattar og implisitt forfattar. Den faktiske forfattaren er personen som har skrive teksten. Den verkelege personen som er bak. Den implisitte forfattaren er den forfattar som lesaren førestill seg når ein lesar teksten. Og sidan ein lesar ikkje nødvendigvis har noko kjennskap til den faktiske forfattaren, kan desse bli veldig forskjellige.¹² Me skal i det følgjande ikkje ta for oss den faktiske forfattaren og dens tankar og intensjonar. Når me les ein forteljing så har me gjerne forskjellige tolkingsrammer enn det den faktiske forfattaren hadde originalt. Det er mange faktorar som spelar inn, slik som språk, tid, kjønn og interesser m.m.. Talking skjer med dei brillene me ser ting gjennom. Nokon gonger vel me dei, andre gonger er det underbevisstheita vår som vel dei. Når me nå skal sjå på Elminster, så har eg valt å gjere det med teologiske briller. Materialet me skal sjå på vidare var kanskje ikkje skrive frå eit teologisk perspektiv, men det gjer ikkje at ein ikkje kan sjå på det frå eit teologisk perspektiv. Det betyr heller ikkje at ikkje andre perspektiv er mogelege eller gyldige, slik som filosofiske eller politiske perspektiv. At forskjellige menneske finn forskjellig mening i same ting, viser det store hav av tolkingsmogelegheiter ein forteljing har.¹³ Difor er heller ikkje forfattarens perspektiv nødvendigvis viktig når me tolkar forteljingar. Det kjem heilt ann på kva spørsmål me vel å stille. Om me still spørsmål angående den faktiske forfattarens intensjonar til dømes, så er sjølvsgt den faktiske forfattar viktig. Derimot når me no skal stille spørsmål om kor vidt Elminster oppfyll messiasprofetiane, og ikkje minst om han liknar Jesus, så er me meir opptatt av korleis teksten framstill Elminster enn kva den faktiske forfattarens intensjon bak var. Sjølvsgt finns det tilfelle av forteljingar kor slike linkar er intensjonen til den faktiske forfattaren, og da kan det vere interessant (men ikkje nødvendig) å sjå på forfattarens perspektiv. Men Elminster har nok ein meir tilfeldig link. Grunnlaget mitt for å påstå det er at det står helt i starten av boka «All characters in this book are fictitious. Any resemblance to actual persons, living or dead, is purely coincidental.»¹⁴ Her kommer ein likevel tilbake til at Bibelen er ein type grunnforteljing i vår vestlege kultur, som òg Ed Greenwood kanskje har vakse opp i. Difor er det ikkje urealistisk å tenkje at desse forteljingane har ubevisst dukka opp hos forfattaren, fordi dei er så innbygd i kulturen han har vakse opp med, og er ein del av.

¹² Gripsrud, *Mediekultur, Mediesamfunn*. S. 208-211

¹³ Gordon Lynch, *Understanding Theology and Popular Culture* (Malden, Mass: Blackwell, 2005). S. 135-139

¹⁴ Ed Greenwood, *Elminster: The Making of a Mage*, The Elminster Series (Lake Geneva, WI: TSR Inc, 1994).

Likevel ser me ikkje på forfattarens intensjonar, men korleis me sjølv møter teksten. Slik blir eg som lesar viktigare enn Ed Greenwood som forfattar.

Den implisitte forfattere er litt meir kompleks. Sidan me som lesarar ikkje nødvendigvis veit noko om forfattere, så bygger me oss eit bilete av ein forfattar ved å lese teksten. Det inkluderer òg haldningane som me møter i teksten som heilskap. Den faktiske forfattere kan bruke den implisitte forfattere til å styre bilete lesaren får.¹⁵ I den grad den implisitte forfattere er tekstens haldningar så kjem eg til å forhalda meg til det. Det eg derimot kjem til å forhalda meg meir til er tekstens forteljar, som eg gjer greie for lengre nede.

På same måte snakkar ein òg om faktisk og implisitt lesar. Den faktiske lesaren er den verkelege personen som les teksten. Men den faktiske forfattere har, på same måte som eg som lesar lager meg eit bilete av forfattere, òg lagd seg eit bilete av lesaren. Dette blir kalla den implisitte lesaren. Det er ikkje ein verkeleg person, men ein ide, frå forfattere si side, om kven som les teksten. Det verktøy som forfattere har for å kunne «styre» desse, er forteljar og tilhøyrar. Desse er personar i teksten som fortel eller tek imot historia. Dei kan vere veldig tydelege, slik som ein faktisk karakter som fortel til ein faktisk mottakar i teksten, men dei kan og vere meir abstrakte. Men med dei kan forfattere forsøke å påverke bilete lesarane får av forfattere, og kan òg kommunisere til lesaren korleis forfattere ser for seg den implisitte lesar, noko som gjer at lesaren kan nærme seg den rolla når den les.¹⁶

Implisitt lesar og forfattar er abstrakte størrelsar som ikkje nødvendigvis finns direkte i teksten, men dei oppstår når forfattere eller lesaren møter teksten. Men forfattere har òg verkemidlar i teksten som blir brukt til å kommunisere med lesar, nemleg forteljaren. Forteljaren kan vere ein karakter som fortel forteljinga, men det kan òg vere ein stemme utanfor som fortel den. Ein typisk måte forteljaren kan vere ein karakter er ved at forteljinga blir fortalt frå eg-perspektiv. Ein karakter fortel enten ein forteljing kor den personen er hovudkarakter, eller ein forteljing kor eg-stemmen er ein bikarakter, til dømes om den fortel ei forteljing om ein ven. Ein slik forteljar, som er i forteljinga, blir gjerne kalla intern. På andre sida kan forteljaren vere ekstern. Ein ekstern forteljar er utanfor forteljinga og fortel som det som skjer. Her kan ein òg skilje

¹⁵ Gripsrud, *Mediekultur, Mediesamfunn*. S. 208-209

¹⁶ Gripsrud, *Mediekultur, Mediesamfunn*. S. 209

mellom ein allvitande forteljar, som veit alt om alle karakterane og kva som skjer, og ein objektiv forteljar, som ikkje har same kunnskap om det som ikkje er direkte synleg. For den objektive forteljar er ikkje tankar og kjensler hos alle karakterane noko ein kan kjenne til.¹⁷

Det finns òg ein slik i-teksten-mottakar. Denne er kalla tilhøyraren. Denne er ikkje nødvendigvis så tydeleg i ein tekst, men dersom den er så er den gjerne referert til som «du» eller «dykk».¹⁸

2.2.2 Tid og rom

Ei forteljing tek stad på ein eller fleire stader, over ein eller fleire tidsperiodar. Når ein fortel så gjer ein val om kva rekkefølge ein vel å framstilla hendingar og kva ein vel å utelate. Når ein les ein forteljing, vil ein legge merke til at enkelte augneblink i susjettet er kortare enn i fabulaen, medan enkelte augneblink er mykje lengre. Nokon gonger så hopper susjettet over tid, gjerne det som skjer mellom hendingar. Dette blir kalla ein *elipse*. Like eins kan susjettet fortelje vidare utan at det skjer noko i fabulaen, til dømes når tida står stille medan me som tilhøyrarar får innblikk i karakterars tankar. Dette blir kalla ein *pause*. Når ein hending i fabulaen blir skildra i susjettet mykje kortare enn det er, blir dette kalla referat, og dersom hendinga i susjettet er lengre enn hendinga i fabulaen blir det kalla *forlening*. Og dersom hendinga er like lang i både susjettet og fabulaen så blir den referert til som ein *scene*.¹⁹

Når det kjem til stad i forteljinga så kan me stille to spørsmål. For det første så kan ein stille spørsmål om kva verden forteljinga er satt i. I fantasy er gjerne forteljingsverden ei heilt anna enn den verkelege verden som kjenner til, kor reglar frå vår verden ikkje nødvendigvis fungerer likt. Magi er til dømes ofte ei verkande kraft i fantasy. Det finns gjerne vesen der som me ikkje kjenner til frå vår verden. Ikkje minst kan det hende at verden har fysikk og metafysikk som kan vere fjern for oss. Ein kan vidare zoome inn og spørje om kor i verden tek handlinga stad. Er det i eit moderne samfunn eller samfunn som liknar meir på dei me kjenner frå

¹⁷ Gitte Mose et al., *Litterær Analyse : En Innføring* (Oslo: Pax, 2012). S. 48-53

¹⁸ Mose et al., *Litterær Analyse*. S. 47-48

¹⁹ Mose et al., *Litterær Analyse*. S. 29-34

mellomalderen? Kva er klima og natur? Kva sosiale klassar finns? Det er mange spørsmål ein kan stille.²⁰

For det andre så kan stad og handle om kva konkrete stader handlinga skjer i. Er dei i ein skog, eller på ei gate i ein by, eller kanskje i eit hus? I ei kort forteljing, slik som ei novelle, vil ein kanskje oppleve at handlinga er på ein og same plass, medan i lengre forteljingar, slik som romanar, filmar, seriar og dataspel, vil ein gjerne bytte mellom forskjellige stader. Stader kan brukast som verktøy for å sette stemning. Til dømes vil ein grøn hage gjerne kjennes fredeleg og hyggeleg, mens ei mørk sidegate kan kjennes utrygg og skummel. Ein skog med store, mosegrodde trær kan virke fantastisk, mens ei gate i byen kan virke travel. I tillegg til at lesaren kan knytte kjensler til stader, så kan stad bli knytt til kjensler hos karakterane i forteljinga. Til dømes er det stader kor karakterane kjenn seg heime, stader dei kjenner at er fremmande. Det er stader som vekker minner, stader som er behagelege og stader som er ubehagelege.²¹


2.2.3 Aktantmodellen

Når eg no skal analysere forteljing så skal eg bruke ein modell som blir kalla *aktantmodellen*. I følgje denne modellen er det seks roller, som blir kalla *aktantar*, i ein forteljing. Hovudpersonen blir kalla *subjekt*. Subjektet prøver å nå eit mål, som blir kalla eit *objekt*. Med seg har subjektet *hjelparar* og *motstandarar*. Hjelparane er dei som hjelper subjektet mot objektet og motstandarane jobbar mot subjektet. Subjektets veg mot målet blir kalla *prosjekt*. Objektet blir òg sendt frå ein *avsendar* til ein *mottakar*. Dette samspelet av aktantar skjer på tre aksar. Subjektet, dets hjelparar og motstandarar er på ein *konfliktakse*. Subjektet prøver å nå objektet gjennom eit *prosjekt*, som i denne modellen er ein eigen akse. Og samspelet mellom objektet, dets avsendar og mottakar skjer på ein *kommunikasjonsakse*.²² Modellen kan teiknast opp slik:

²⁰ Mose et al., *Litterær Analyse*. S. 39-41

²¹ Mose et al., *Litterær Analyse*. S. 35-39

²² Gripsrud, *Mediekultur, mediesamfunn*, S. 204



Figur 1: aktantmodellen²³

Ut frå Gripsruds definisjon av forteljing så må subjektet her vere ein form for tenkjande vesen. Dei andre aktantane derimot treng ikkje nødvendigvis å vere det. Dei kan vere meir abstrakte. Det er heller ikkje umogeleg at ein karakter fyller fleire av desse rollene. Til dømes kan subjektet vere mottakar av objektet, dersom objektet til dømes er ein skatt som subjektet vil ha.²⁴

Styrken av aktantmodellen er at den kan bryte ned ei forteljing i bitar slik at ein får oversikt over kva deler forteljinga har og korleis dei heng saman. Det ein da vidare kan gjere er samanlikna forteljingar med å sjå korleis dei forskjellige aktantane liknar på kvarandre. Når eg til dømes skal sjå på fantasyforteljingar samanlikna med konsept frå Bibel så kan det vere nyttig å bryte ned forteljinga, slik at me kan sjå korleis dei forskjellige aktantane kan ha likskapar til ting eg finn om messianisme og kristologi.

2.2.4 Tema og motiv

Ein anna viktig del av narrativ analyse er *motiv* og *tema*. Ein forteljings motiv er det som skjer i forteljinga. Motivet har lesaren tilgang til direkte ved på lese, sjå eller høyre det som skjer. Tema er det underliggande. Dette blir gjerne definert som *det forteljinga eigentleg handlar om*. Gjerne må temaet tolkast, og det kjem ann på kva briller me kjem inn med kva tema ein kan ta

²³ Illustrasjon av aktantmodellen, teikna sjølv basert på illustrasjon i Gripsrud, *Mediekultur, mediesamfunn*, S. 204

²⁴ Gripsrud, *Mediekultur, mediesamfunn*, S. 204-205

ut frå ei forteljing. Tema kan òg gjerne vere noko utanfor forteljinga og dets univers, og viser gjerne til ei mening for oss som lesar.

2.3 Dramaturgi

Dramaturgi handlar om korleis ein forteljing utfold seg. Kort sagt så er ein forteljing ein overgang frå likevektstilstand, eller ekvilibrium, til ein tilstand av manglande likevekt, disekvilibrium, tilbake til eit nytt ekvilibrium.²⁵ Eit godt døme på dette er Ringenes Herre, som startar i fredelege Hobbitun. Hobbitene blir dratt med inn i verdsomspennande konfliktar mot den vonde Sauron, og når dei til slutt får øydelagd ringen og sigrar over Sauron, kjem ei ny tid med fred. Her er ekvilibriumet freden, og disekvilibriumet er alle krigane og konfliktane mellom Sauron og resten av verda. Men forteljinga treng ikkje nødvendigvis å starte eller slutte i ekvilibrium. Til dømes i Star Wars: A New Hope så startar filmen midt i ein konflikt mellom imperiet og opprørarane. Filmen går vidare til å utforske denne konflikten fram til opprørarane sigrar over imperiet. Den startar altså midt i eit disekvilibrium, men avsluttar med ekvilibrium. Likevel kan me som sjåarar sjå for oss at det har vore ei tid med ekvilibrium som ligg bak (noko som Star Wars sjølv sagt har utforska i seinare tid).

Ein kvar forteljing har noko som blir kalla ein spenningskurve. Dette er komposisjonen av spenninga i forteljinga. Den startar med ein stigande handling, som kjem til eit *vendingspunkt*, eller *peripati*, der handlinga fell. Kor i forteljinga dette vendepunktet kjem, kan variere. Den stigande handlinga blir gjerne kalla komplikasjon. Like eins kallar ein gjerne den fallande handlinga for løysning, eventuelt katastrofe, alt etter kva utfall det får.²⁶

2.4 Semiotikk

Ein anna måte å analysere ein forteljing er ved hjelp av å sjå etter teikn. Dette er gjerne lettare når uttrykket er visuelt, slik som film, spel eller teikneserie, fordi teikn er lettare å finne når ein ser bilete av dei. Likevel er det ikkje umogeleg å leite etter teikn i tekst. Men før me startar å sjå på korleis ein kan analysere teikn så er det viktig å forstå kva eit teikn er. Ein måte å definere teikn på er «alt som skaper meining».²⁷ Teikn er avhengig av ein kontekst der dei gir meining.

²⁵ Gripsrud, *Mediekultur, Mediesamfunn*. S. 195

²⁶ Mose et al., *Litterær Analyse : En Innføring*. S. 101 og 103-105

²⁷ Lynch, *Understanding Theology and Popular Culture*, S. 139

Meininga kan òg vere kva som helst.²⁸ Eit teikn har to deler, det *materielle*, som er det som teiknet reint fysisk er, og det *immaterielle*, som er det teiknet betyr. Til dømes kan ein varslingsstrekant delast opp i det materielle, som er raud trekant, og det immaterielle, som er fare.²⁹ Eit teikn har òg to dimensjonar av betydning, som blir kalla *denotasjon* og *konnotasjon*. Denotasjon er det som teiknet uttrykk direkte. Med andre ord er det det ein ser når ein ser på eit teikn. Konnotasjon er meininga me finn i teiknet. Konnotasjon er kulturelt tinga, så det eit teikn konnoterer for oss her i Noreg, treng ikkje å vere det same som i til dømes antikkens Hellas, eller i framtida ein eller anna plass. Eit døme på dette kan vere krossen. Den denoterer to plankar som ligg over kvarandre. I Romerriket konnoterte dette avretting og tortur, mens i dag konnoterer det i tillegg kristendommen, og innan kristendommen gjerne frelse. Her kan ein sjå kor stor rolle kontekst har.³⁰

Me grupperer teikn i tre grupper, *symbol*, *ikon* og *indeks*. Denne inndelinga baserer seg på forholdet mellom det materielle og det immaterielle, altså kva forhold teiknet har til den meininga det viser til. Eit symbol er eit teikn som ikkje har noko direkte samanheng til det det viser til. Dømet med varslingsstrekanten over er eit symbol. Det er ikkje noko logisk grunn til kvifor rød trekant og fare heng saman, det har berre blitt sånn i vår kultur. I eit anna samfunn kunne like så godt grøn firkant, eller kanskje eit meir kompleks teikn, slik som bilete av eit rovdyr, bety fare. Men for oss som er vant med det så er det heilt naturleg å tenke fare når me ser ein rød trekant. Ikon er eit teikn, som i motsetning til symbol, ser ut som det som det skal vise til. Eit døme på dette er toalettskilt med bilde av ein mann viser at dette er eit herretoalett. Indeksar er teikn som peikar på det som det er teikn på. Det kan gjerne vere konsekvens av det som det peikar mot, slik som fotspor som peikar på at noko har gått der.³¹

Som nemnt så er det meir naturleg å sjå etter teikn på visuelle uttrykk enn å leite etter teikn i tekst. Likevel kan ein både finne skildringar av teikn, og tekst i seg sjølv kan vere teikn. Forfattaren kan skildre fysiske teikn som finns i forteljinga gjennom ein skriftleg skildring. I

²⁸Lynch, *Understanding Theology and Popular Culture*, S. 140

²⁹Gripsrud, *Mediekultur, mediesamfunn*, S. 115

³⁰Gripsrud, *Mediekultur, mediesamfunn*, S. 117-118

³¹Gripsrud, *Mediekultur, mediesamfunn*, S.123-125

tillegg kan òg deler av forteljinga vere eit teikn på noko anna. Til dømes forholdet mellom motiv og tema liknar på forholdet mellom det materielle og det immaterielle i teikn. Når me no skal sjå på karakterar kan det òg vere nyttig å ha med seg teiknlære. Ein karakter kan vise til noko anna utanfor seg sjølv. Det kan vere at den viser til ein anna karakter utanfrå historia, men den kan og vise til ein større ide, slik som personifisering av vondskap eller godheit.

2.4.1 Kode og kodebrot

Teikn er kulturelle, og i forskjellige kulturar kan teikn bli forstått forskjellig. Teikn er gjerne innebygd i kulturen vår, og det er reglar for kva teiknet konnoterer. Desse reglane blir kalla *kode*. Gripsrud definerer kode som «en regel eller konvensjon som forbinder et uttrykk med et innhold.»³² koden er med andre ord ein kulturell regel, gjerne uskriven, og berre sosialt godtatt, om kva teiknet betyr. Når ein da finn eit teikn i to forskjellige kontekstar, så er koden til den spesifikke konteksten det som avgjer kva teiknet her tyder. Når me er kjend med den gitte konteksten, så har me òg ein ide om kva teiknet betyr. Dersom me derimot ser teiknet i ein kontekst som me ikkje kjenner til kan det skape forvirring, da teiknet no har ein anna mening enn det me tenkjer at det betyr. Desse kontekstane kan vere kultur i vid forstand, slik som Romarriket og dagens Noreg, slik som dømet med krossen over. Men desse kontekstane kan òg vere innad i same kultur og same samfunn. Eit godt døme på dette er fargen raud, som me møter ofte i mange forskjellige kontekstar i løpet av dagen. Raudt trafikklys betyr stopp, raude hjarter betyr ofte kjærleik, raud på vasskrana betyr varme, osv. Me møter fargen raud i veldig mange kontekstar, og kvar kontekst har sin kode for korleis forstå kva fargen raud prøver å formidle til oss.³³

Det oppstår eit *kodebrot* dersom eit teikn er brukt på ein unormal måte i konteksten. Dersom ein til dømes hadde bytta plass på det raude og det grønne lyset på eit trafikklys ville det skapt forvirring, da trafikantar er vant med at det øvste lyset er grønt og betyr køyr, mens det nedste lyset er raudt og betyr stopp. Ein vil da vere i tvil om ein skal følgje rekkjefølgja eller fargen på lyset. Slike kodebrot blir gjerne delt i to. Dei er enten *syntagmatiske* eller *paradigmatiske*. Syntagme er eit ord henta frå grammatikken, kor det er ei rekke med ord etter kvarandre, slik som ein setning. Rekkjefølgja på desse orda er styrt av grammatiske reglar. Når me brukar dette

³² Gripsrud, *Mediekultur, Mediesamfunn*. S. 115

³³ Gripsrud, *Mediekultur, Mediesamfunn*. S. 125-129

ordet i semiotikken handlar det òg på same måte om korleis teikn er organisert i konteksten. Mens syntagma handlar om organisering, så er paradigma dei teikna som potensielt kan ta kvar plass. Ein kan sjå for seg syntagme som ein skuffereol, kor paradigma er kva ein kan putte i kvar skuff. Sjølv om ein kan putte kva ein vil i ein skuff, så har ein gjerne system for kva som skal vere oppi. Dersom ein til dømes har ei skuffe for bukser, men legg ei bok oppi den, så har det her skjedd eit kodebrot. Ein har lagt noko oppi skuffa som ikkje følgjer koden for kva som skal oppi skuffa. Dette blir kalla *paradigmatisk kodebrot*, kor ein bruker eit paradigme som ikkje passar der. Skuffemetaforen gjer det dessverre ikkje så lett å forklare *syntagmatiske kodebrot*, så ein anna metafor her er kleskode. Da har ein forskjellige deler av kroppen som dekkes av forskjellige plagg. Dersom ein bruker forskjellige plagg som ikkje passar saman, til dømes smoking og joggebukse, så skjer det eit syntagmatisk kodebrot. Ein har brukt klesplagg på riktig plass, men dei passar ikkje i lag når dei skal følgje norma for korleis ein kler seg. Dette viser òg at desse kodebrota er kontekstuelle. Ein kan sjå for seg eit samfunn kor smoking og joggebukse kunne vore normalen.³⁴

2.5 Oppsummering av metode

I dette kapitlet har eg gjort greie for ein del hermenautiske perspektiv, og gjort greie for viktige omgrep innan narratologisk og semiotisk analyse. Dei hermenautiske perspektiva er viktige, både for å vise generelt nokon ståstar når det kjem til teksttolking, og for å vise korleis eg sjølv forstår min posisjon når eg tolkar tekst. Analyseverktøya er dei eg skal bruke til å gjennomføre analysen i kapittel 4. Da vil eg legge mest vekt på det som eg har gjort greie for om narratologi, men vil òg bruke litt semiotikk. Omgrep frå semiotikken vil òg bli brukt i drøftinga i kapittel 5.

³⁴ Gripsrud, *Mediekultur, Mediesamfunn*. S. 129-132

3 Messianisme og Kristologi

Me skal no vidare sjå på Messias. Kva ligg i dette omgrepet Messias, og kva vil det seie at Jesus er Messias? Først skal eg gjere greie for Messias generelt, kva dette omgrepet betyr og kva forventingar som er knytt til dette omgrepet. Vidare skal eg sjå på korleis Jesus er ein Messias skikkelse. Dette blir grunnlag for drøftinga som kjem i kapittel 5, kor eg skal sjå på om Elminster er ein messiaskarakter, og korleis han i så fall liknar på Jesus som Messias.

Ordet Messias kjem frå det hebraiske «ha-mashiach», som betyr «den salva». Dette kom av at kongar og prestar blei smurt med salve når dei trådde inn i stillinga.³⁵ Allereie her får me eit innblikk i kva Messias vil seie. Det handlar om ei oppgåve ein er satt til, og er knytt opp mot det kongelege. Slik er òg dei israelske kongane, slik som David og Salomo, Messias. Eit anna aspekt av dette er at Gud sjølv har vald dei ut. Gud er aktiv i salvingsprosessen og når ein snakkar om Gud sine kongar eller prestar, så blir det gjerne referert til «Herrens salva». Til dømes seier Samuel «No har Herren salva deg til fyrste over eignedomen sin.» når han salvar Saul til konge.³⁶ Messias er gjennomgåande Guds utvalde til si oppgåve.

For å forstå Messias så er det viktig med kontekst. Messias, slik me kjenner det, er eit konsept frå den hebraiske bibelen som oppstår som eit håp om ei betre tid. Kong David blir sett på som idealkongen av israelittane (og seinare jødane) og hans kongedømme blir det ein håpar på at ein skal tilbake til. Når Babylonarane tek over Juda, så kjem håpet om at det ein gong skal bli bra igjen. Utvandringa frå Egypt blir eit viktig motiv, kor Gud frigjer Israelittane frå undertrykking. Håpet er at Gud på nytt skal hjelpe Israel, og at folket skal tilbake til ei tid med fred, under ein konge, slik som David. Ikkje minst kjem dette fram i profetiar i fleire av den hebraiske bibelens profetektstar. Viktigast av desse er Jesaja, men andre profetbøker er òg viktige.³⁷ Til dømes kjem løfte om Davids ætt allereie i 2. Samuelsbok: «Ditt hus og ditt kongedøme skal stå fast til evig tid for mitt andlet, og din kongsstol skal stå støtt til evig tid.»³⁸ Ofte blir Messias tenkt på som ein person som skal komme og hjelpe folket, men det finns fleire måtar å forstå Messias på enn denne. Til dømes har fokuset i rabbinsk jødedom gått over til å

³⁵ Jayne Svenungsson, *Den Gudomliga Historien : Profetism, Messianism & Andens Utveckling* (Glänta produktion, 2014). S. 34

³⁶ 1 Sam 10,1

³⁷ Svenungsson, *Den Gudomliga Historien*. S. 34-37

³⁸ 2 Sam 7,16

tenkje på Messias som ei tid og ikkje ein person. Da er det ikkje lengre knytt til ein enkelt person som skal hjelpe folket, men at det skal skje ein prosess kor folket går inn i ei Messiansk tid.³⁹ I det følgjande vil eg ha fokus på Messias som ein person, og da spesielt fokus på Jesus som Messias, som eg kjem til lengre nede.

Så kva ligg i desse profetiane? Kva er det ein ser fram til ved Messias? Svenungsson peikar på tre grunnleggande element ved Messias. Desse er håpet om frigjering frå undertrykking og tilbakevending til heimlandet, ein ny konge av Davids ætt og håpet om ei ny tid med fred.⁴⁰ I Jesaja er desse profetiane knytt til konteksten at Israelittane har blitt undertrykka av det babylonske riket, under det som blir kalla det babylonske eksil. Tempelet er blitt øydelagd, og folket er drive bort frå landet sitt. I alt dette så gjev Messiasprofetiane håp om at det skal ta slutt. Og dersom ein les Jesaja som ein lukka forteljing om dette, så kan ein sjå at profetiane og blir oppfylt. Perserkongen Kyros blir framstilt som ein Messias som let folket vende tilbake og eit nytt tempel i Jerusalem blir bygd opp. Slik svarer Jesaja sine eigne profetiar.⁴¹

Men å lese Messias på denne måten har ikkje vore godt nok. Kyros var jo ikkje ein av Israels folk, og i alle fall ikkje av Davids ætt. Den jødiske tradisjonen fram mot år 0 har sett framover mot ein ny Messias. Både i jødisk og kristen tradisjon har det vore normalt i tillegg å sjå på Messias som eskatologisk, det som handlar om endetid. Slik blir dette satt til noko større enn berre håpet om å bli frigjort frå ei undertrykkande makt, slik som Babylon og seinare Romerriket. Det handlar og om håpet om at verden skal bli fullkommen, og at ein skal kunne vende tilbake til verden slik den var før syndefallet i edenforteljinga. Slik blir òg Guds løfter til Abraham viktige, da dei òg må oppfyllast.⁴²

Nå skal det seiast at kva som ligg i Messias utviklar seg forskjellig i kristendom og jødedom. For kristne er det Jesus som er Messias, da ein tolkar dei messianske profetiane til å bli oppfylt i hans virke. For jødane derimot er ikkje Messias enda kommen. Dette har igjen ført til spørsmål om kor vidt dette er ein person. Det som er viktig er den messianske tida. Difor har ein del jødar

³⁹ Svenungsson, *Den Gudomliga Historien*. S. 79

⁴⁰ Svenungsson, *Den Gudomliga Historien*. S. 37-38

⁴¹ Svenungsson, *Den Gudomliga Historien*. S. 38-39

⁴² Svenungsson, *Den Gudomliga Historien*. S. 38-40

dratt mot at ein ikkje venter på ein utvald Messiasskikkelse, men heller ei tid da menneska skal fullføre dei messianske profetiane.⁴³

Så for å sortere dette litt, så kan ein samanfatte Messias i nokon punkter:

- Messias skal fri folk frå undertrykking.
- Det skal vere ein konge.
- Folk skal gjenforeinast (i lys av løfta til Abraham kan ein seie at alle folk skal gjenforeinast).
- Messias kjem ved endetida, og vil fullføre skaparverket og gjere verden til slik den var før syndefallet.
- Messias skal vere gitt av Gud, da Gud er den som salvar.

3.1 Jesus som Messias

Sjølv om Messias og Kristus (gresk Christos) betyr det same, så blir den siste primært brukt i kristne kretsar. Jødane snakkar primært om Messias. Difor vil eg vidare bruke Messias om profetiane og løfta frå det Gamle Testamentet, kva eg tidlegare har referert til som den Hebraiske Bibelen. Kristus vil eg bruke om korleis desse profetiane og løfta blir forstått som oppfylt i personen Jesus frå Nasaret i det Nye Testamentet av kristne.

Berre tittelen Kristus i seg sjølv viser at Jesus har blitt tolka som Messias. Det som derimot kan vere interessant å spørje om er korleis Jesus blir tolka som Messias. Korleis meiner kristne at han oppfyll desse profetiane? For det er ikkje nødvendigvis så rett fram. Jesus oppfyller Messiasprofetiane på ein anna måte enn slik som samtidas jødar forstod ideen om Messias. Og det er jo ikkje alle som meiner at Jesus faktisk er Messias. Ein kan jo starte med punktlista over og sjå på desse punkta.

3.1.1 Punkt 1: Messias skal fri folk frå undertrykking.

I Jesu samtid så var ikkje den undertrykkande makt lengre Babylon, men Romerriket. Og Jesus gjorde ikkje Judea eller noko anna nasjon fri frå dei. For i den store heilskapen så er undertrykkande nasjonar berre ein bagatell. Jesus kom for å fri mennesket frå den verkelege undertrykkaren, nemleg synda og dauden. Ved å overvinne dauden vil ein òg overvinne all

⁴³ Svenungsson, *Den Gudomliga Historien*. S. 41-43

undertrykking i livet, da det neste livet vil vere utan undertrykking. Dette bilete om Jesus, som sigerherre over dauden og det vonde, blir gjerne kalla *Christus victor*.⁴⁴

På denne måten er det håp til dei undertrykka i vanskelege tider som overgår håpet om å vere fri frå den eine undertrykkande nasjon. Forteljinga om israelsfolket i det gamle testamentet er ei rekke forteljingar om gjentakande undertrykking under andre, store riker. Med Jesus kjem ikkje fridom frå enda eit mektig rike, som ville lagt Guds utvalde folk ledig for ei nytt rike å ta over. Han kjem heller ikkje for å gjere jødane sterke nok til å sigra over nasjonane som har, og som kjem til å undertrykke dei, og eventuelt gjere dei sterke nok til å bli ei eige dominerande makt. Nei Jesus sigrar over den ultimate undertrykkande makt, slik at permanent fridom kan bli realitet. Sjølv ein siger over romarane vil ikkje kunne hindre kvart individ hos folket frå å døy. Livet er midlertidig, men Jesus gjer livet permanent. Slik er den ultimate fridom som Jesus kjem med.

Ein anna måte å forstå det å fri folk frå undertrykking er på eit individnivå. Det er mange historier i evangelia som fortel om Jesus som møter utstøytte. Nokon dømer er Sakkeus (luk 19,1-10), Bartimeus (mark 10,46-52), den lamme mannen (luk 5,17-26) og kvinna med brønnen (joh 4,1-26). Her møter Jesus menneske som blir sett ned på for kven dei er, og han tek imot dei. Slik oppfordrar han òg oss om å vise nestekjærleik og å ta vare på våre medmenneske. Undertrykking skjer i samfunnet, og for å stoppe det må ein starte med haldningane ein har til andre. Slik kjem Jesus til oss med rettferd. Ein kan òg sjå verknadar av dette i apostelgjerningane, kor dei kristne fortsett å hjelpe utstøytte, til dømes med å lækje sjuke.

Det er òg eit anna aspekt av bilete av Jesus som *Christus victor*. I tillegg til at Jesus frigjer folket frå daudens undertrykking, så frigjer han og kvart menneskeleg individ frå si eige undertrykking. Ved å lære å elske kvarandre og sjå kvarandre så frigjer ein seg frå eins vonde tankar og handlingar, samtidig som ein frigjer den som er offer for desse vonde tankane og handlingane.⁴⁵

⁴⁴ Ted Peters, *God - the World's Future : Systematic Theology for a New Era*, 3rd ed. (Minneapolis, Minn: Fortress Press, 2015). S. 402-406

⁴⁵ Peters, *God - the World's Future*. S. 406

Det kan òg vere interessant å trekke inn eit frigjeringsteologisk perspektiv. Gustavo Gutiérrez Skriv i boka *A Theology of Liberation* at synd er noko sosialt. Det handlar både om mangel på kjærleik til Gud og til medmenneske. Og difor er undertrykking syndig. Når menneske undertrykker manglar dei både kjærleik til medmenneske og kjærleik til Gud. Frelse vil da òg naturleg inkludere å utslette all undertrykking. Jesus er kommen for å frigjere dei undertrykka. Slik fortsett Jesus å vere frigjerar framleis i dag.⁴⁶

3.1.2 Punkt 2: Messias skal vere ein konge.

Også denne delen av Messias fyller Jesus på ein unik måte. Allereie heilt i starten av Matteus evangeliet får me sjå Jesus framstilt som konge. I Matteus 1 blir det lagt fram ei slektstavle som heilt tydeleg legg vekt på at Jesus er etterkommer av kong David. Vidare i kapittel 2 blir han referert til som «jødekongen»,⁴⁷ som igjen blir forsterka med konflikten med Herodes. Her er det tydeleg at Matteus prøver å framstille Jesus som konge. Men Jesus sitt liv og virke er ikkje så liknande eit kongeliv. Han er ute, blant dei sjuke og fattige, og møter dei utstøytte. På ingen måte slik ein førestill seg ein konge, sjølv om det kanskje er slik ein skulle ønske ein konge var.

Men der igjen, Jesus fyll ikkje denne profetien slik den blei tolka i samtida. Håpet om ein konge over jødane var det folk såg etter, mens Jesus kjem som konge over Guds rike. For å forstå dette betre så kan det vere verd å sjå på Israel i 1 Samuelsbok. Her er ikkje folket leia av ein konge. Dei er leia av Gud gjennom profetar, som kommuniserer mellom Gud og folket, ein såkalla dommar. Og i starten av 1. Samuelsbok er Samuel dommar, så han er mellommann mellom Gud og folket.⁴⁸ Idealsamfunnet her er eit folk som berre har Gud til å leie seg, men slik klarer ikkje israelittane å leve. Difor ber dei om ein konge, som kan leie dei. Og sjølv om korkje Gud eller Samuel ynskjer konge, så er det konge dei ender opp med. Ein typ naudløysing. Let oss så hoppe fram til Jesus igjen. Eit folk som er undertrykka og som har fått lovd ein konge. Dei har alt håp om at dei skal tilbake til ei slik tid som dei fekk etter at David blei konge. Dei vil halde på ei slik naudløysing. Men i staden for å gje Israelittane ein ny David, eit syndig menneske som kan slå ut galt, så vel Gud å gjere seg sjølv til konge over folket igjen. I staden for å salve ein vanleg jøde i samtida som konge, så sender Gud sin eigen son, Guds ord gjort menneske, til

⁴⁶ Gustavo Gutiérrez, *A Theology of Liberation : History, Politics, and Salvation*, Revised version., Teología de La Liberación (London: SCM Press, 1988). S. 102-103

⁴⁷ Matt 2,2

⁴⁸ 1 sam 7,15-17

å møte menneska, og til å bli konge over heile verda. Slik går ein tilbake til ei tid før kongetida. Jesus blir da ikkje berre konge, men som ein dommar (i før-konge-tid kontekst), som Gud leier folket gjennom. Gud har no tatt makta tilbake igjen.⁴⁹

Det som er tydeleg her er at kongen i Israel er ein person som tener folket. Det er folket som ønsker ein konge til å leie dei. Me har jo gjerne eit bilete av at folket tener kongen. Likevel kan det seiast at ein konge utan eit folk er berre eit heilt vanleg menneske som alle andre. Kongens makt kjem nettopp i møtet mellom kongen og folket. Og slik Jesus lev, så er han der som folkets tenar, heilt til siste slutt. Frå at han underviser, metter og lækjer til at han heng på krossen for folkets synder. Og det er her kor han og blir den lidande tenar. Ein konge som tener folket og døyr for folket.⁵⁰

3.1.3 Punkt 3: Folket skal gjenforeinast

Gjenforeininga er heilt tydeleg noko som kjem frå eksiltida, sidan folket i Juda blei spreidd rundt. Håpet å få vende tilbake saman med sitt eige folk var sterkt i denne tida. Men det er ei gjenforeining som går mykje lengre tilbake. Allereie rett etter storflaumen i Genesis så begynn folk å gå frå kvarandre. Menneska blir mange, og dei blir til forskjellige folkeslag. Og eit av løfta Gud gjev til Abraham er «I deg skal alle slekter på jorda velsignast»,⁵¹ som peikar på at alle folk skal ein gong bli eit Guds folk. Alle folk skal ein gong gjenforeinast, ikkje berre israelittane. Med Jesus kjem òg dette løfte til ei oppfyljing. Fokuset skiftar frå ei gjenforeining med folk her på jorda til ei gjenforeining med Gud og alle folk i det neste liv. Og når Jesus er til frelse for alle, så samlast ein og rund trua på han. Slik skjer denne gjenforeininga allereie i dette liv.

Jesus seier i forteljinga om Sakkeus «For Menneskesonen er komen for å leita etter dei bortkomne og berga dei.»⁵² Dette kan ein forstå på fleire måtar. I kontekst av det Jesus seier rett før, «For han er òg ein Abrahams son»,⁵³ kan ein forstå dei bortkomne som dei bortkomne

⁴⁹ Peters, *God - the World's Future*. S. 351-352

⁵⁰ Peters, *God - the World's Future*. S. 354-355

⁵¹ 1 mos 12,3

⁵² Luk 19,10

⁵³ Luk 19,9

i Israels hus. I kontekst av Sakkeus som tollar som er dårleg likt kan ein sjå dei bortkomne som dei som er utstøyta frå samfunnet. I tillegg kan ein i kontekst av Bibelen som heilskap sjå dette Jesusordet som at han er kommen for å foreine alle folk, som vil inkludere dei to andre måtane å lese dette på. I apostelgjerningane opplev apostlane at Gud òg ønskjer at dei skal spreie ordet til ikkje-jødar. «Så har då Gud late heidningane òg få venda om til livet!»⁵⁴ seier dei til Peter etter at han har fortalt om at han forkynte til Kornelius. Og i Paulus breva, slik som brevet til Kolossarane, skriv Paulus «Her er ikkje grekar eller jøde, omskoren eller uomskoren, barbar, skyttar, slave eller fri. Nei, Kristus er alt og i alle.»⁵⁵ Alt dette peikar på at alle folkeslag og sosiale klasser blir gjenforeina i Jesus.

3.1.4 Punkt 4: Messias kjem ved endetida

Eskatologi er læra om dei siste ting. Frå dei første kristne har ein tenkt at endetida er nær. Likevel ser me over 2000 år seinare at verden framleis står. Så da kan ein jo stille spørsmålet om Jesus faktisk kjem ved endetida? I apostelgjerningane blir Jesus lyfta opp til himmelen, og læresveinane blir lova at han skal komme tilbake.⁵⁶ I store delar av sitt virke har Jesus tala om det kommande Guds rike. Han talar om endetid og sin tilbakekomst. For det er først da han kjem at endetida er. Slik skal Jesus ein gong fylle denne profetien. Men den er ikkje oppfylt enda. Noko som går igjen er at «Guds rike er nær». Men komme nær er ikkje det same som at det er her no. Likevel er det noko eskatologisk over dette, ved at Jesus har starta ein prosess som skal innleie endetida ved at Guds rike er komme nær. Jesus kjem og gjer oss klare, for å så komme tilbake igjen, for å fullføre det heile. Det er litt som ein flytur. Flyturen er ikkje ferdig når pilotane gjer klar for fly ned mot bakken, men dei gjer flyet klar for landing. Ofte tek det gjerne ti minuttar før flyet faktisk landar på bakken.

Eskatologi er eit stort felt innan kristen teologi, og det er mange eskatologiske element. Tedd Peters legg vekt på at endetida startar med Jesu daud og oppstode. Dette er fordi endetida handlar om at det gamle skal ende, slik at det kan bli skapt på nytt. Ved Jesu daud endar hans liv og virke her på jorda. Men når Jesus står opp tre dagar seinare, så blir han nyskapt, og på

⁵⁴ Apg 11,18

⁵⁵ Kol 3,11

⁵⁶ Apg 1,9-11

nytt kommer han til sine disiplar. Dette er eit symbol på korleis endetida kjem skal vere. Den gamle verden skal ta slutt, og ein ny og betre verden skal komme. Dette er òg knytt til menneske og synda. Menneska er syndige, og synda gjennomsyrrar menneskets vesen. Difor må menneska døy frå synda og bli nyskapt til eit nytt liv, utan daud, i den nye verden. Eskatologi handlar minst like mykje om ei byrjing som ei avslutning, kanskje til og med meir. Dette gjer at frelse òg er eit eskatologisk tema.⁵⁷

3.1.5 Punkt 5: Messias skal vere gitt av Gud.

Noko av det mest grunnleggande kristne trur på er at Jesus er gitt av Gud. Dette er så grunnleggande at det nesten er tullete å kommentere. Det står både direkte i evangelia,⁵⁸⁵⁹ og har vore sentral lære i kyrkja i alle fall sidan Kyrkjemøtet i Nikea i 325, kor Jesu guddom var sentral tematikk. Men sjølv om kristne har vore einige om at Jesus er gitt frå Gud, har ein vore ganske ueinig om på kva måte. Det finns mange forskjellige måtar å forstå dette forholdet på, men eg vil spesielt trekka fram fire forskjellige måtar dette har blitt forstått på. Dette er adopsjon, identitet, distinksjon og derivat. Adopsjonstanken er at Gud vel eit menneske, Jesus, til å vere sin son. Utveljinga blir gjerne knytt til Jesu dåp. Identitetstanken er at Jesus og Gud er eit. Denne tanken blei dratt vidare av ei retning som blir kalla modalismen. Dei tenkte at Gud var ein guddom som viste seg som tre forskjellige personar, Faderen, Sonene og Anden, på forskjellige tider i historia. Kontrasttanken setter fokus på distansen mellom Faderen og Sonen, og at Faderen er størst. Den siste er derivattanken, som ser på Jesus som forlenging av Gud. Jesus er Guds eigenskapar som er strekka ut til oss. Her nemner Peters ting som Guds engel, Anden, Logos og Guds Son.⁶⁰ På møtet i Nikea var det to hovudposisjonar. Den eine var Arius' posisjon, som var at Jesus var skapt før tida av Gud. Jesus er størst av Guds skapningar, men Gud er framleis større enn Jesus. Athanasius var Arius' hovudmotstandar under møtet. Han representerte det som seinare utvikla seg til å bli treeiningslæra, som har blitt den mest utbreidde og aksepterte læra i kristne kyrkje. Sonen, Faderen og Anden er alle Gud, og Gud er eit. I tillegg

⁵⁷ Peters, *God - the World's Future*. S. 601-617

⁵⁸ Matt 1,18ff

⁵⁹ Luk 1,26ff

⁶⁰ Peters, *God - the World's Future*. S. 197-198

kjem læra om Jesu to naturar, som seier at Jesus er heilt menneske og heilt Gud på same tid i ein person.⁶¹

Når ein ser på Messiasskikkelsar i GT så er dei menneske som Gud har utvald, gjerne gjennom ein profet, slik som Samuel i Samuelsbøkene. Dette kan ein òg sjå på Messiasskikkelsen i Jesaja, kong Kyros. Han har fått Guds velsigning, men er framleis berre eit menneske som Gud har vald seg ut.⁶² Jesus derimot, blir framstilla som direkte gitt til verden, frå Gud. Basert på treeiningslæra så er han ikkje utvald, men gitt som ei gåve.

I forbinding med Jesu fødsel, slik den er skildra i Matteusevangeliet, blir det referert til Immanuel-teiknet frå Jesaja, med tillegget om at Immanuel tydar Gud med oss.⁶³ Og dette er ein av dei viktigaste lærene i kristne kyrkjer i dag, at Jesus er Gud som kjem til menneska. Slik har Gud ikkje berre gitt oss ei gåve, han har gitt seg sjølv. Jesus er ikkje berre Guds son, men han er faktisk ein person i Gud. Den same Gud som har send profetane og alle andre Messiaser som har eksister før. I dette blir Jesus og den ultimate Messias, som alle andre av Guds utsende berre kan sjå opp til.

⁶¹ Peters, *God - the World's Future* S. 201-203

⁶² Jes 45,1

⁶³ Matt 1,23

4 Analyse av Elminster

I dette kapitlet skal me sjå nærmare på karakteren Elminster. For å få ein forståing av kven Elminster er, vil eg først sjå på forteljingsuniverset som Elminster er del av, *Forgotten Realms*. Vidare skal eg sjå på Elminster med utgangspunkt i boka *Elminster: The Making of a Mage*. Eg vil dele opp bokanalysen i fleire deler. Først skal eg presentere forteljinga med fokus på dramaturgiske hovudlinjer. Her vil eg legge fram susjettet, forteljar, karakterar og problem. Vidare skal eg gå meir i dybda på aktantane. Her vil eg sjå meir på korleis karakterane er framstilt kvar for seg, og kven som fyller kva rolle. I tillegg skal eg sjå nærmare på kommunikasjonsaksen av aktantmodellen her. Etter det skal eg sjå litt på tema i boka. Og til slutt drøfte korleis Elminster blir forstått som Den utvalde. I bokanalysen vil eg òg peike på nokre teikn i forteljinga, der det passar seg.

Elminster er ein trollmann i universet *Forgotten Realms*. Dette universet blei skapt av Ed Greenwood, som òg har skrive bøkene om Elminster. Denne trollmannen er ein av Greenwoods hovudkarakterar i hans verden, og han er ein av gudinna Mystra sine utvalde. Elminster er ein person som òg går igjen i *Dungeons & Dragons* materialet, og me kan til dømes sjå han kommentere boka *Volos Guide to Monsters*, ei ressursbok for femte utgåve av *Dungeons & Dragons*, som fokuserer på monster i *Forgotten Realms*. I denne boka blir han presentert som «Elminster Aumar, Archmage of Shadowdale, Senior Advisor to the Open Lord of Waterdeep.»⁶⁴ I tillegg dukkar han opp i både teikneseriar og dataspel.

4.1 *Forgotten Realms: Viktige grunntrekk ved bøkernes univers*

Forgotten Realms er ein av mange verdar som rollespelet *Dungeons & Dragons* kan spelast i. Det aller meste av historiene me høyrer/spelar er på kontinentet Faerûn, som er på planeten Toril.⁶⁵ På dette kontinentet finns det mange forskjellige intelligente *raser*, eller *arter* som det eigentleg er. Det er mange av dei dominerande artene, men dei fleste er typiske fantasyarter, slik som alvar og dvergar, i tillegg til menneske. Av desse er menneska den dominerande gruppa, da dei er den største gruppa. Likevel er ikkje menneska nødvendigvis dei mest

⁶⁴ W.R.P.G. Team, *Volos Guide to Monsters*, *Dungeons & Dragons* 5th Edition (Wizards of the Coast Publishing, 2016). S. 4

⁶⁵ W.R.P.G. Team, *Sword Coast Adventurer's Guide*, *Dungeons & Dragons* 5th Edition (Wizards of the Coast Publishing, 2015). S. 7

intelligente eller moralsk dugelege. I tillegg er det meir aggressive grupper, slik som gobliner, som gjerne skaper trøbbel for andre. I menneskesamfunna er det ikkje sosiale forskjellar på folk med forskjellig hudfarge, og kvinner og menn har ganske like mogelegheiter.⁶⁶ Med andre ord er det liten grad av rasisme og sexisme, men det finns større grad av speciesisme blant enkelte grupper. Det betyr ikkje at det ikkje finns rasisme, da det finns enkelte rasar av enkelte artar (i spelet gjerne kalla *subrase*) som blir diskriminert, slik som mørkalvar, eller *drow*, som dei gjerne blir kalla.

Religiøst sett er folka i Faerûn polyteistiske. Panteonet her er ganske stort og det er mange gudar med forskjellige nivå av makt, og det er stadig i endring.⁶⁷ Heile kosmologien er plassert på to aksar, ein som går frå godt til vondt, og ein som går frå kaos til lov eller orden (*law*).⁶⁸ Ordet *law* er ikkje her meint som lover og regler i eit land, men meir som det greske *kosmos*. Det handlar om naturgitt struktur, hierarki, system osv. Eit lovlydig menneske vil nok følgje lokale reglar slik som me tenkjer på lovlydig, men å kalle ein heil art eller ein gud lovlydig betyr at den følgjer den kosmiske orden. Til dømes kan eit lovlydig vondt vesen ikkje nødvendigvis forvente å følgje lokale reglar ein stad, men den vil gjennomføre sine vonde planer på ein systematisk måte.⁶⁹ Vidare vil eg bruke lovlydigheit på denne måten.

Mesteparten av eventyra i Dungeons & Dragons tek tel i den materielle verda, også kalla det *materielle planet*. Det er mange slike *eksistensplan* som bygger opp denne verda. I det som vert kalla «the Great Wheel» kosmologien, så er gudeverdene, 16 verder som blir kalla dei ytre plan, plassert som eit hjul rundt desse aksane. Til dømes er planet Mount Celestia eit lovlydig godt plan, mens Bator, også kjend som dei 9 helveter, plassert på lovlydig vond.⁷⁰⁷¹ Gudane er òg ordna etter desse to aksane, og kan vere god, nøytral eller vond, og lovlydig, nøytral eller kaotisk. I tillegg er det hovudsakleg 3 maktnivå av gudar. Dei er mindre makter, middels makter og høgare makter. Maktnivået er bestemt ut frå kor mange følgjarar ein gud har. Kvar gud

⁶⁶ Ed Greenwood and Jeff Grubb, *A Grand Tour of the Realms*, Forgotten Realms Campaign Setting (Lake Geneva, WI: TSR Inc, 1993). S. 6

⁶⁷ W.R.P.G. Team, *Sword Coast Adventurer's Guide*. S. 19-23

⁶⁸ W.R.P.G. Team, *Player's Handbook*, Dungeons & Dragons 5th Edition (Wizards of the Coast Publishing, 2014). S. 122

⁶⁹ W.R.P.G. Team, *Player's Handbook*. S. 122

⁷⁰ W.R.P.G. Team, *Dungeon Master's Guide*, Dungeons & Dragons 5th Edition (Wizards of the Coast Publishing, 2014). S. 44

⁷¹ W.R.P.G. Team, *Player's Handbook*. S. 303

regjerer over eit «portefølje», som er som eit sett filosofiske idear. Døme på desse kan vere rettferd, kunnskap, død, mot osv.⁷²

Nå skal det påpeikast at gudar generelt i *Forgotten Realms* ikkje er udødelege. Dei kan bli drepne. Og gudar slåst over porteføljane sine. Ed Greenwood har sjølv sakt at gudane er meir supermenneske enn dei er allmechtige skaparar. Samtidig er dei òg ein form for manifestering av ein ide.⁷³ Det skal òg seiast at det finns noko over gudane som heiter over-makter, som blir skildra som gudar for gudane. Men dei er lite skildra, så me får lite innsikt i om dei har fiendar og om dei er udødelege.⁷⁴ Det er heller ikkje relevant for det me skal sjå på vidare.

Mystra, som me skal sjå nærmare på, er definert som ei høgare makt, lovlydig nøytral gudinne med magi som sitt portefølje. Det betyr at ho er ein av dei sterkaste maktene i verden, og regjerer over all magi. Ho er heller ikkje ei god gudinne, ho er nøytral, som betyr at Mystra heller ikkje bryr seg om magien hennar blir brukt til godt eller vondt, og ho kan stille seg bak magi brukt i både gode og vonde hensikter. Det ho derimot bryr seg om er å spreie kunnskapen om magi lengst mogeleg. Jo fleire som brukar magi, jo fleire tilhøyrarar har Mystra, jo meir makt har ho. Det skal og seiast at den Mystra som me møter i *Elminster: Making of a Mage*, er ikkje den same magigudinna som har eksistert før, eller den Mystra som eksisterer seinare i *Forgotten Realms*. Magigudinna har døydd og kjem til å døy fleire gonger i historia, kor ei ny magigudinne har tatt over. Difor vil ein sjå at Mystra (eventuelt magigudinner under andre namn) ikkje alltid er framstilt likt. Boka *Running the Realms* kommenterer at Mystra døyr under ein periode referert til som «Time of Troubles». *Elminster: Making of a Mage* skjer før denne perioden. Difor vil eg i det vidare, når eg nemner Mystra, referere til Mystra før Time of Troubles, sidan det er den Mystra som er relevant for denne forteljinga.⁷⁵

4.2 *Elminster: frå ung gjetar til mektig trollmann*

Eg har no sett på universet som *Elminster* er ein del av. Vidare skal eg no gjere greie for, og analysere første boka om *Elminster*, *Elminster: The Making of a Mage*. *The Making of a Mage*

⁷² Ed Greenwood and Jeff Grubb, *Running the Realms*, *Forgotten Realms Campaign Setting* (Lake Geneva, WI: TSR Inc, 1993). S. 45-46

⁷³ Ed Greenwood, "Down-to-Earth Divinity: One DM's Design for a Mixed & Matched Mythos," *Dragon*, no. 54 (oktober 1981). S. 6-7

⁷⁴ Greenwood and Grubb, *Running the Realms*. S. 45

⁷⁵ Greenwood and Grubb, *Running the Realms*. S. 47

starter med eit forord, der Elminster Aumar er den gamle, mektige trollmannen, som mange som kjenner til han frå før vil kjenne han som. Herren i Shadowdale trenger å få tak i Elminster, men han er ikkje i tårnet sitt. Forundra over kor i universet han kan vere, stiller han spørsmål om Elminster nokon gong har vore ung. Frå dette forordet tek resten av boka lesaren med på eit tilbakeblikk til Elminsters oppvekst, og korleis han blei den kjende magikaren han er.

Boka i sin heilskap har ein ekstern, allvitande forteljar. Den er ikkje fortalt av noko intern karakter, heller ikkje herren eller tenaren me møter i forordet. Derimot kan desse karakterane framstå som ein form for tilhøyrarar, da forteljinga kjem som eit svar på herrens spørsmål om kor Elminster kjem frå.

I første kapittel møter me protagonisten sjølv, ein ung gjetar, Elminster, i ein liten bortegøymd landsby i landet Athalantar. Mens Elminster gjeter sauer blir han møtt av ein vond trollmann som rir på ein drake, som dramatisk legg heile landsbyen i ruiner. Den unge gjetaren sjekkar ut landsbyen, og finn sin fars øydelagde sverd, Løvesverdet. I ruinane møter han Helm Stoneblade, ein riddar av Athalantar. Helm kjenner igjen sverdet, som er eit symbol på kongen (likt som løve er symbol på konge). Han forstår etter kvart at Elminsters far er bror av kong Belaur, og at han gøymte seg i landsbyen og la sitt kongelege blod på hylla. Belaur sigra over sine brør for å ta trona ved å selje riket til magikarar. Desse *magifyrstane*, som dei er kjend som, er dei som eigentleg regjerer, mens kongen sitt med symbolsk makt. I dette blir me òg introdusert til antagonistane, nemleg Belaur og magifyrstane. Elminster ser magi som ei vond og urettferdig kraft, som undertrykker dei som ikkje kan bruke den. Og med dette blir me introdusert til prosjektet, da Elminster svergar på å sigre over magifyrstane og Belaur, og fri Athalantar frå deira magiske undertrykking. Til dette gjev Helm eit råd: ligg lågt, bli rik og hyr magikarar for å bli sterk nok til å sigre over magifyrstane.

Elminster gjer som han får beskjed om, og ligg lågt. Dette gjer han som kriminell i nokon år. Her skjer det ein elipse i forteljinga, og me får innsyn i Elminsters liv som kriminell. Mens han bryt seg inn og stel frå dei rike, så blir hatet hans for magi sterkare. Han blir òg meir opptatt av ønske om å slå ut magifyrstane og bringe rettferd til Athalantar. Samtidig skaffar Elminster seg medhjelparar her.

Ein dag bestemmer han seg for at livet går vidare, og han drar til magigudinna Mystra sitt tempel, i bønn om å få styrke til å utrydde all magi. Dei magikarane i tempelet som følgjer

Mystra møter Elminster og vel å ta livet hans. Men før dei kjem så langt kjem Mystra til Elminster som ei vakker kvinne med auger som skifta mellom å vere som flytende gull og mystisk mørke. Dette er med på å symbolisere at ho er eit mysterium (sidan Mystra gjerne blir kalla mysterienes kvinne). Ho seier at ho kan gje han evnene til å gjere det han vil, men etter ein lengre samtale om hans forhold til magi og hans motiv, gjev han anbefaling om å lære magi, og bruke det som eit verktøy til å utslette vondskapen han jobbar mot. Elminster vel å følgje Mystra, og er i det neste augneblink ein heilt anna plass, no som ei kvinne, Elmara, og blir fort lærling hos alven Baerithryn, og seinare ei menneskekvinne som heiter Myrjala, som me til slutt får vite at er ein avatar av Mystra. Elmara lærer mykje magi, og me får ei rekke elipse, referat og scener, som til saman er eit referat av hennar reise til å bli ein erfaren magikar. Og på slutten av denne reisa blir ho tilbake til Elminster igjen.

Elminster samlar saman dei hjelparane han har møtt gjennom forteljinga, riddarane av Athalantar, tjuvane han var med som kriminell, og alvefolket som hans tidlegare meister var ein del av. Forteljinga kjem til eit høgdepunkt da dei saman slår ut magifyrstane, ein etter ein, og Elminster slår ut sin onkel Bleaur. Etter å ha frigjort Athalantar så gjev Elminster trona vidare til Helm, slik at han kan fortsette å studere magi.

Elminster og Myrjala drar vidare, men blir angripe av ein av magikarane dei trudde dei hadde drepen, og han drep Myrjala. Etter å ha sigra over han, sver Elminster igjen på at han aldri skal drive med magi igjen. I det han seier det kjem Myrjala tilbake og avslører at ho eigentleg er Mystra, og ho ber han om å aldri seie slike ord igjen. Før ho forlèt Elminster så spør ho om han vil vere ein av Mystras utvalde, ei oppgåve som kjem med mange byrder, men som Elminster takker ja til.

Her har me ein historie som tydeleg startar med eit ekvilibrium, men som kjapt går over til eit disekvilibrium, og som konkluderer med eit ekvilibrium igjen. Boka startar i ein roleg liten landsby, med ein bekymringslaus ung Elminster, men det går veldig fort at denne freden blir forstyrra av ein katastrofe, da heile landsbyen blir øydelagd. Gjennom heile forteljinga blir Athalantar framstilt i eit disekvilibrium av undertrykking og maktmisbruk, heilt til Elminster bring fred til riket ved å frigjere det frå magifyrstane.

4.3 Roller, prosjekt og kommunikasjon

Protagonisten er som sagt Elminster Aumar. Allereie frå gjennomgangen av boka så har me fått eit bilete om kven Elminster er. Han er ung, og framstilt med ikkje veldig vakkert utsjånad. Han blir ofte skildra som ein tynn ung mann med bustete, svart hår og nebbforma nase.⁷⁶ Heller ikkje som kvinna Elmara var ho spesielt vakker: «She was not a pretty woman. Her fierce hawk nose and dark, serious gaze made many a man and most maids draw back from her...»⁷⁷ Elminsters personlegheit er i endring, og han er ein karakter som modnast etter kvart. Men gjennomgåande så er Elminster sitt fokus på dei undertrykka. Han har opplevd magiens undertrykking, og ønsker å frigjere andre frå det. Dette kjem fram igjennom store delar av boka. Som kriminell stel han frå dei rike, litt som Robin Hood. Elminster har òg evna til å sjå magi som blå glød, noko som er unikt for han, som òg er ein indeks, som peike på Elminster som ein utvalt til å vere magikar. Elminster har alltid med seg Løvesverdet, sjølv om dette sverdet er øydelagd og lite brukbart. Som nemnt over så er dette eit symbol på kongen, som gjer at Elminster knytt mykje av sitt håp til dette. Det interessante her er at løve er eit symbol som konnoterer kong i vår vestlege kultur, så det følgjer våre koder. Det kommer derimot tydeleg fram at symbolet på kongen i Athalantar er kronhjør, og Elminsters bestefar er kalla «kronhjortkongen». Difor er dette eit symbol som skal hjelpe oss som lesarar å sjå symbolikken, enn at det er det for ein i Athalantar. I tillegg er det at Elminster har dette sverdet òg ein indeks på at han er den kommande kongen av Athalantar (sjølv om han gjev denne tittelen vidare). Det er berre heilt i starten av boka at Elminster er åleine. Han får kjapt nokon medhjelparar, og sjølv om desse blir bytta ut fleire gonger, så har han alltid med seg nokon. Dette er òg med på å bygge opp til slutten, da han får bruk for alle medhjelparane som han har møtt på veggen, litt som Askeladden.

Elminster som konge er òg eit paradigmatiske kodebrot. Han passar ikkje inn i forventingane til ein kommande konge. For det første er han ein bondegut, og lite vakker. Mykje av livet sitt lev han som lovlaus, eller på anna måte held seg skjult for dei som styrer. Han er òg hemngjerrig, og han har fokus på folket. Begge dei siste kan vere attributt som ein knytt til ein konge, men

⁷⁶ Greenwood, *Elminster: The Making of a Mage*. S. 6

⁷⁷ Greenwood, *Elminster: The Making of a Mage*. S. 161

skjeldan saman. Idealkongen er den som tener folket, men hemn er gjerne knytt til maktmisbruk.

Elminsters hjelparar er heller ikkje berre framstilt som vakre, lovlydige heltar. Helm er skildra med slitt lærrustning og bulkete og oppskrappt hjelm. Dette er eit syntagmatisk kodebrot med førestillinga om riddarar, som ein gjerne tenkjer på med skinnande metallrustning under fargerikt, dekorert tøy, med sverd i eine handa og eit stort, dekorert skjold i andre. Dette er noko som forvirrar Elminster, da han har eit eiga bilete av korleis riddarane framtrer, som ikkje er på nokon måte slik han møter Helm. Difor kallar han Helm både for tjuv og kommenterer at riddarane av Athalantar ville ha drepe han. Difor får både Elminster, og me som lesarar, eit sjokk når Helm seier at han er ein riddar av Athalantar. Dette er med på skildre situasjonen i Athalantar, eit land kor riddarane, som skal beskytte landet, har mista si makt og blir framstilt som fredlause. Slik er Helm og riddarane òg ein indeks på at Athalanta er i ei mørk tid. I tillegg til Helm, så er tjuvane som Elminster bruker ein del tid saman med er kriminelle. Med andre ord er heltane framstilt som opprørarar.

Alvane er òg i opposisjon til magifyrstane. Dei er ikkje skildra så godt med utsjånad. Likevel får ein eit bilete av at dei ikkje er så glad i menneske, og dei er veldig skeptiske. Myrjala er den av Elminsters hjelparar som me blir mest kjend med, da ho og blir ein type sidekick, først som ein mentor, men seinare og som ein kjærast. Sjølv om me ikkje får vite at ho er ein avatar av Mystra før i slutten av boka, så blir ho skildra med mørke auge, som gjer at ho er eit ikon på Mystra, som også er kvinne med mørke auge (men som skiftar litt).

Motstandarane er alle undertrykkande overklasse. Kong Belaur er allereie blitt nemnd, men han er eigentleg meir eit symbol på motstandarane enn ein leiar.

«... He bought the services of mages from all over Faerun to win him the Stag Throne. He sits on it today – but his wits are so clouded by drink an’ by their magic that he doesn’t even know he barks only when they kick him: his magelords are the true rulers of Athalantar.»⁷⁸

⁷⁸ Greenwood, *Elminster: The Making of a Mage*. S. 20

Det er magikarherrane som verkeleg er motstandarane. Ikkje berre er dei framstilt som mektige, undertrykkande adelsmenn, men dei har òg veldig brutale haldningar. Til dømes er hobbyen til ein av dei å sende ein tenar ut i skogen, for så å gjere seg om til eit rovdyr og jakte på denne tenaren (og sjølvsagt ta livet ut av personen) berre for gøy.

Prosjektet, eller objektet er som sagt å sigre over magikarherrane og fri Athalantar. Først framstår dette som eit ønske om hemn, men utviklar seg igjennom forteljinga, og ein kan sei at hovudfokuset blir Athalantars fridom. Kven avsendaren her er er litt komplekst. Ein kunne jo sagt at Athalantar er både avsendar og mottakar av objektet. Men Elminster får jo konkret oppdraget frå Helm, sjølv om han allereie før det har ønske om å hemne sine foreldre. Møte med Helm gjer likevel noko med Elminster. Han får eit meir nyansert syn på det heile. Det handlar ikkje lengre om å drepe den eine magikaren som han møtte, men å fri Athalantar frå alle magikarar. Slik blir det nok riktig å seie at Helm er avsendar. Når ein ser på mottakar så er det heller ikkje rett fram. Det er jo Athalantar som er mottakar av Athalantars fridom. Men Helm er mottakar av trona. Ein kan jo seie at Helm er ein del av Athalantar, så difor er han inkludert i Athalantar som mottakar.

4.4 Tema: Hemn eller fridom?

Sjølv om hemn er eit tema ganske lenge inn i boka, så endrar Elminster syn på dette. Det kjem til eit punkt kor han ikkje har ønske om å vere konge lengre, og eigentleg ikkje ser verdien av å slåst. I ein samtale med Myrjala seier han:

«‘Now that the throne comes into my reach... I find myself wanting it less and less.’ ...
‘That’s good,’ Myrjala said quietly ‘I’ve grown weary waiting for you to grow up’ ...
‘Outgrowing blind vengeance? I suppose... why go through with it all, then?’ ... ‘For Athalantar. ...’ ... ‘We’ll do it,’ ... ‘Athalantar shall be free of magelords. I swear before Mystra: I’ll do this or die in the trying.’»⁷⁹

Begjæret og sinnet hos Elminster er ikkje lenger der. Men ønske om rettferd er der framleis. Ønske hans er ikkje lengre grunngeven i han sjølv, men i Athalantar. I følgje Ed Greenwood

⁷⁹ Greenwood, *Elminster: The Making of a Mage*. S. 248-249

er Elminster kaotisk god.⁸⁰ Og sjølv om han utviklar seg igjennom denne forteljinga, så kan ein her sjå ein tydeleg god karakter, som arbeider for sitt folks beste. Men som eg kommenterte over så er ikkje Mystra ei god gudinne. Ho er nøytral. Så kvifor har ho (gjennom Myrjala) så interesse av å sigra over desse magifyrstane? Det kan ein koke ned igjen til at dei prøver å ha einerett på magi, noko som skadar Mystra. Så for Athalantar vil dette vere frigjering frå magiske tyrannar, mens for Mystra vil det vere å frigjere magi frå eliten. Ut frå dette kjem eit tydeleg tema fram: Kampen for fridom.

4.5 Er Elminster Den Utvalde?

Å kalle Elminster ein utvald er på ingen måte feil. Sjølv om han får eit val så har Mystra valt han. Her er det eit samspel mellom Elminster og Mystra når utveljinga skjer. Likevel blir Elminster ein utvald. «I [Mystra] would very much like you to be my Chosen.’ ‘Anything, Lady,’ Elminster managed to say. ‘Command me!’»⁸¹ Men Elminster er langt ifrå den einaste utvalde. Berre i *Making of a Mage* så møter me ein karakter med tittelen Magister, som er ein av Mystras fremste utvalde. «This [the Magister] was the wizard who wore the mantle of Mystra’s power. The greatest mage of all.»⁸² Å vere Mystras utvalde er ein stor tittel, men det gjer ikkje Elminster meir utvald enn dei andre utvalde. Sånn sett så er Magisteren den som er nærmast å vere Den utvalde. Han er Mystras fremste utvalde på det materielle planet.

Men det er jo veldig avhengig av kva ein ser på som Den utvalde. Det er eit omgrep som krev kontekst. I kontekst av kongeriket Athalantar så fyller Elminster rolla som Den utvalde ganske bra. I konteksten *Forgotten Realms* som heilskap blir det meir komplisert. Men det er òg eit større spørsmål enn eg skal svare på i denne avhandlinga, og det vil krevje at ein går inn i mange fleire kjelder frå *Forgotten Realms* universet, inkludert kjeldebøker og dataspel.

Håpet om ein utvald som skal frigjere Athalantar er der så kjapt som magifyrstane har tatt over riket. Men det betyr ikkje automatisk at ein frigjerar kjem. Så ut frå det så er ikkje Elminster ein direkte nødvendighet. Ed Greenwood har òg kommentert at i *Forgotten Realms* er fri vilje ein viktig metafysisk størrelse.⁸³ Det betyr at alle handlande vesen i *Forgotten Realms* universet

⁸⁰ Ed Greenwood, “All about Elminster,” *Dragon*, no. 110 (juni, 1986). S. 31

⁸¹ Greenwood, *Elminster: The Making of a Mage*. S. 327

⁸² Greenwood, *Elminster: The Making of a Mage*. S. 87

⁸³ Greenwood, “Down-to-Earth Divinity.” S. 6-7

øg har vilje til å gjere det dei vil. Ein predeterminert profeti om ein utvald er i seg sjølv vanskeleg innanfor desse rammene. Likevel er det ein profeti om Elminster.

«Alaundo’s prophecy, Lady! He’s ne’er been wrong yet, and he said ‘the Aumar line shall outlive the Stag Throne’! That can only mean Athalantar won’t survive without an Aumar as king... and yet ye ride away!»⁸⁴

Men som vanleg så kan jo profetiar vere generelle, slik at dei lett kan lesast feil eller tolkast på forskjellige måtar. Elminster, som utvald av Mystra, lev i godt over tusen år. Athalantar fell lenge før det. Så Elminster fyller denne profetien. Det spørsmål som ein kan reise her er jo forholdet mellom predeterminisme og fri vilje. Eit problem som ein kan finne både i *Forgotten Realms* og i Bibelen. Korleis kan noko vere bestemt på førehand dersom menneska (og andre vesen i *Forgotten Realms* kontekst) har fri vilje?

Øydelegg dette for Elminster som ein utvald? Profetien som me ser over, seier jo eigentleg ingenting om at Elminster skal vere ein frigjerar. Hans onkel, Kong Belaur, var jo òg ein Aumar. Denne profetien peiker ikkje direkte på Elminster. Men sidan Belaur har utrydda resten av slekta si så er jo Elminster den einaste til å oppfylle ein slik profeti.

Det er noko som verkeleg peiker på Elminster som Den utvalde i Athalantars kontekst, og det er møtet med Mystra. For her vel ho han til å kjempe mot magifyrstane. Det er her at Elminsters utveljing startar, og det er her han først blir ein følgjar av Mystra. Her får han si første oppgåve som ha skal løysast. Likevel vil eg leggje vekt på at den verkelege utveljinga, kor Mystra eksplisitt spør Elminster om å vere hennar utvalde, skjer først i slutten av boka.

⁸⁴ Greenwood, *Elminster: The Making of a Mage*. S. 321

5 Elminster som Messias

Eg har no gjort greie for kva som ligg i omgrepet Messias, korleis Jesus blir tolka som å oppfylle messiasprofetiane, og gjort ein narratologisk analyse, med litt innslag av semiotisk analyse, av karakteren Elminster og boka Elminster: The Making of a Mage. Vidare skal eg drøfte korleis ein kan tolke Elminster som å oppfylle messiasprofetiane, og samanlikne han med Jesus. Eg vil strukturere drøftinga og samanlikninga rundt hovudtrekka ved messiasprofetiane, som eg gjorde greie for i kapittelet om Messianisme og Kristologi. Drøftinga vil skje punkt for punkt, kor eg først drøfter kor godt og korleis Elminster oppfyll det aspektet ved messiasprofetiane, før eg samanliknar dette med korleis Jesus oppfyll det same aspektet ved messiasprofetiane.

5.1 Messias skal fri folk frå undertrykking.

Første aspektet ved messias som eg skal sjå på, er frigjering frå undertrykking. Israelittane var i fleire periodar undertrykka av ein mektigare nasjon, og håpet om frigjering blei sterkare og viktigare. Ut frå det som allereie er sagt om Elminster så er fokuset på å øydelegge den undertrykkande makta sentral. Athalantar er på ingen måte i noko storheitsperiode og folket er underlagd magiens undertrykking. Elminsters motivasjon er nettopp å fri folket frå undertrykking. Og han gjer det òg. Men i tillegg til å fri folket frå undertrykkinga av magifyrstane, så frir han og magien frå dei. Magifyrstane i Athalantar har halde magien for seg sjølv og sine lærlingar, og prøvde å halde det som ei kraft for overklassen. Dette stridar i mot Mystras tanke om at magi skal utforskast av flest mogeleg. Dette kjem fram i møtet mellom Mystra og Elminster, når Mystra ber han om å spreie kunnskapen om magi til så mange som mogeleg. Kunsten om magi skal forkynnast, og i store delar av forteljninga blir det ikkje det.

Inn her kjem Elminster, som går frå å ville utrydde magi, fordi det er undertrykkande, til å spreie kunnskapen sin om magi og utrydde dei som misbruker det. Slik sett så er Elminster ein frigjerar på fleire plan. Hans siger over magifyrstane i Athalantar frigjer folket frå undertrykking, frigjer magien frå undertrykking og ikkje minste frigjer Athalantar som kongeriket frå den undertrykkande overklassen.

At både Elminster og Jesus har fokus på undertrykking er heilt utvilsomt. Begge kontekstane har ei undertrykkande makt over seg. For Judea var det Romerriket og for Athalantar er det magifyrstane. Her er det interessant å sjå at begge frigjer på fleire måtar. Når ein først ser på Jesus så frir han ikkje Judea frå Romerriket, så de kan vere freistande å konkludere med at han

ikkje er ein frigjerar. Men Jesus viser korleis frigjering skjer hos individet. Han hjelper folket med å sjå dei svake og utstøyte i sitt samfunn. Slik startar han frigjeringsprosessen med å vise folket nestekjærleik. Frigjeringa skjer først som ein endring i dei som utstøyter. Like eins frigjer Jesus menneska frå synda og dauden. Som me såg på tidlegare om frigjeringsteologi, så er synda òg eit sosialt problem, nettopp knytt til mangel på nestekjærleik. Samtidig er synd noko meir. Det handlar òg om forholdet mellom Gud og menneska. Så det at Jesus frigjer menneska frå synd, er både å fri frå undertrykking i samfunnet, slik eg har skildra over, men det er òg med på å gjere denne frigjeringa til noko større. Det handlar òg om å kutte avstanden mellom Gud og menneske. I forlenging av dette blir menneska frigjort frå dauden, og får moglegheit til eit nytt liv i Guds rike. Elminster derimot, frigjer Athalantar frå både verdsleg undertrykking og frå ein meir metafysisk undertrykking, da han òg frir landet frå ein magisk undertrykkande overklasse. Men Jesus gjer noko enda større da han frir mennesket frå dauden og synda. Dette er mykje større i vår verden, kor dauden er for alle og ein ikkje utan vidare kan sleppe fri frå den. I *Forgotten Realms* finns det allereie måtar å sleppe unna dauden i det materielle planet, og for den som døyr så venter eit nytt liv på eit av dei ytre plana, avhengig av kva gud eller anna makt ein har via livet sitt til. For Athalantar er det viktigare å frigjere seg frå den verdslege undertrykkinga enn å frigjere seg frå daudens undertrykking, som ikkje på same måte er undertrykkande, slik den er i vår verden. Her kan ein sjå at Jesus har ein større universal betydning ein det Elminster har.

I dei to kontekstane så er likskapen mellom magien og synda at dei begge er undertrykkande. Forskjellen på dei er at synda alltid er undertrykkande, og mennesket trengs å bli frigjort frå den. På andre sida så er magien meir som eit verktøy. Den kan brukast som eit våpen til å undertrykke, men den kan òg brukast til å gjere andre oppgåver som kan hjelpe andre. Elminster sigrar over magiens undertrykkinga ved hjelp av magi, mens Jesus sigrar ikkje over synda ved hjelp av synd, men ved hjelp av nåden. Her ser ein og at Elminster og Jesus har forskjellige metodar for å frigjera. Elminster gjer det ved hjelp av vald, da han angrip sine fiendar og drep dei. Jesus derimot har ikkje fokus på å fysisk skade andre. Mykje av hans virke har fokus på å undervise, lækje og på andre måtar vise kjærleik.

5.2 Messias som kommande konge.

Kongeperspektivet er òg ein viktig del av messiasprofetiane. Håpet om ein ny konge slik som David, som skal rettferdig leie folket var sentralt. Elminster er av kongeleg blod, og igjennom

heile forteljinga, er han på jakt etter trona. Men det kjem eit vendepunkt for Elminster der han ikkje lenger er interessert i den kongelege makta. Hans motivasjon er ikkje lenger å vere konge. Slik gjev han òg frå seg trona for å heller tene Mystra. Da kan ein jo spørje om Elminster i det heile tatt oppfyll dette punktet. Han er aldri konge av Athalantar eller noko anna folk, sjølv om han er tronarving.

Kongeperspektivet her har faktisk ein del likskapar. For det første så blir korkje Jesus eller Elminster konge i noko verdsleg land. Forventingane til Messias i Jesu samtid var at det skulle vere ein ny konge over jødane. Men, i staden for, så kjem Gud til menneska, som Jesus, og i det blir konge over Guds rike, som og betyr at han er konge over heile verda. Elminster gjev frå seg kongemakta si til ein som han stoler på at kan gjennomføre ei slik oppgåve. For det andre så er det viktig hos begge kva slekt dei kjem frå. I Jesu samfunn så var det veldig stort å vere etterkommar av David. David blir gjerne sett på som idealkongen. Elminsters bestefar, Uthgrael Aumar, er òg sett på som ein stor konge. «This realm, Athalantar, is called the Kingdom of the Stag after one man: Uthgrael Aumar, the Stag King; a mighty warrior».⁸⁵ Det er mykje nærmare mellom Elminster og hans bestefar enn det er Jesus og David, men likevel kan ein gjere nokon samanlikningar. Spesielt at Athalantar har falt til eit babylonsk fangenskap, eller kanskje meir eit magisk fangenskap. Korkje Athalantar eller Judea er i noko storheitstid, og håpet om at det skal bli betre er sentralt i begge settingane. For det tredje er Helm òg ein av Athalantar sitt folk, og ein av dei utstøytte. Slik er fokuset til både Jesus og Elminster at ein konge tener folket.

Eg kommenterte i kapittel 4.3 at Elminster som konge er eit paradigmatiske kodebrot. Det same kan ein sei om Jesus, da han ikkje oppfyll forventingane ein har til ein konge. Her òg er Elminster og Jesus relativt like. Dei begge startar livet i lite kongelege kår. Elminster som gjetar, og Jesus i ei krybbe (Luk 2,7). Begge må rømme frå heimen sin på grunn av eliten. Elminster må ligge lavt, slik at han ikkje blir forfølgd av onkelen sin og magifyrstane. Jesus må rømme til Egypt fordi Kong Herodes vil drepe han (Matt 2,13-18). Og begge bruker store deler av sitt virke saman med utstøytte. Her følgjer dei faktisk ein liknande narrativ struktur.

Dei deler òg det at dei har indeksar som peiker på dei som konge, sjølv om desse indeksane er veldig forskjellige. Elminster har Løvesverdet, som er eit symbol på kongen, og som peiker på

⁸⁵ Greenwood, *Elminster: The Making of a Mage*. S. 19

at han er ein kommande konge. Jesus har først ættetavla i Matteus 1, og like etter kjem *Immanuel-teiknet*. Begge desse peiker på at Jesus er Guds konge over jorda.

5.3 Folk skal gjenforeinast

Det at folket var blitt splitta, spelar ei viktig rolle i Jesaja teksten. Håpet om at folket (her Israelittane) skal få vende tilbake til landet sitt og samlast igjen står sterkt. Likeså finnes det òg eit løfte om ei større samling, nemleg at alle verdens folk skal gjenforeinast i Abraham, slik dei ein gong var. Dette har altså òg eit eskatologisk perspektiv, kor det er ein del av forventinga om at verden skal gå tilbake til slik den var i byrjinga.

I kontekst av *The Making of a Mage* så betyr folket Athalantars folk. Dette er ikkje noko splitta folk eller nokon fordriven frå landet. Dei to splittinga ein kan peike på er splittinga mellom folket og overklassen, og splittinga mellom folket og magien. Men ein gjenforeining av riket er òg å foreine folket med landets leiarar. Som Helm legg vekt på så er det ikkje god stemning mellom dei: «If there weren't so godscursed many wizards down in Hastarl [hovudstaden], kinging it over the lot of us with the hired brigands they call 'loyal armsmen,' I'd be riding a realm at peace...».⁸⁶ Med andre ord så er det tydeleg at det er splitting i Athalantar. Gjenforeininga Elminster utfører er gjenforeining mellom folket og leiarane. Han sett inn ein av folket sjølv til å leie folket, i staden for magifyrstane som kjem utanfrå. Slik er Elminster og med på å gjere ein gjenforeining.

Her er òg magiaspektet igjen viktig. Magien er frigjort frå overklassen, som betyr at magi er nå gjenforeina med folket. I ein høgmagisk verden slik som *Forgotten Realms*, så er magi ein viktig del av naturen. Det gjer òg at det er forskjellige måtar å praktisere magi på. Ein måte er å studere magi, men ein kan og få magi frå andre stadar i naturen. Det er altså mogeleg å kunne ha magiske evner utan at ein har trena dei opp slik som trollmenn gjer. Døme på dette er Elminsters eigenskap til å kunne sjå magi, som eg har nemnt tidlegare. Denne eigenskapen er noko han har naturleg, ikkje noko han har fått fordi han har trena det opp. Under Belaur's regjering var mange magipraktiserande forfølgd, ikkje berre dei som studerte det. Magikarar generelt, som ikkje hadde noko forhold til magifyrstane, skulle heller ikkje praktisere magi. Men etter at Elminster sigrar over dei, gjev han og magien tilbake til folket. Dette er òg det Mystra ønsker. Kunnskapen

⁸⁶ Greenwood, *Elminster: The Making of a Mage*. S. 16-17

om magi skal forkynnast. Det er ikkje nødvendigvis så openbart for oss kva dette betyr, da me ikkje har kjennskap til noko liknande kraft i vår verden. Så mykje vondt ein høyrer om både i boka *The Making of a Mage* og elles i forteljingar frå *Forgotten Realms*, så kan det vere lett å tenkje at magien er som eit våpen. Men her er det viktig å legge vekt på at det er ein fundamental del av naturen, og for mange er det å kunne nytte trylleformularar som ein del av kvardagen sin, i denne verden like naturleg som for oss å ete og drikke. I tillegg til at det er trylleformularar som kan gjere stor skade, så er det og trylleformularar som gjer gode ting. Til dømes finns det trylleformularar som gjer vanlege oppgåver lettare, slik som å tenne bål, får folk til å fly eller lager magiske hender som kan brukast til å gjere oppgåver, og det formularar som er direkte livreddande, slik som lækjedom og kurering av sjukdom.

5.4 Messias som endetidsskikkelse

I forlenging av oppfyljing av Abrahamsløftet, som me såg på over, så har Messias og blitt eit eskatologisk konsept. Med andre ord så har ein knytt endetida, og fullføringa av skaparverket til messiasprofetiane.

Eskatologi er komplekst i *Forgotten Realms*. Her er det mange myter og profetiar om korleis verden skal ende. Korleis det som ein gong skal skje, er ikkje tilgjengeleg for oss lesarar for augneblinken, da *Forgotten Realms* framleis er ein verden kor det blir skrive forteljingar, både i romanar, rollespelbøker, dataspel og meir. Difor veit me ikkje om Elminster kjem til å ha noko å gjera med ei eventuell endetid. Det som derimot kan seiast, er at forteljinga i *The Making of a Mage* ikkje framstiller Elminster som å ha noko med endetida å gjere. Det nærmaste er profetien som blir referert til, at Aumar slekta skal leve lengre enn riket Athalantar. Dette veit me at Elminster gjer ettersom han lev i over tusen år, mens riket Athalantar går under ca. 100 år etter at Elminster har satt inn Helm som konge. Så å knytte Elminster opp mot Athalantars endetid kunne kanskje høyrast fornuftig ut, men når ein ser at riket blei stifta av hans bestefar,

Uthgrael, så hadde ikkje riket noko langt liv, eller rik historie uansett.⁸⁷ Difor blir det vanskeleg å seie at Elminster er noko eskatologisk skikkelse.

Eit aspekt av endetidstemaet knytt til Messias, som kan vere relevant, er nyskaping. Ideen om at verden skal tilbake til slik den var før syndefallet, eit nytt Eden, for å kalle det det. I konteksten av Athalantar så var riket på sin topp ved kong Uthgrael «the Stag King», som òg stifta dette kongeriket. Ved hans daud skjer ein nedgang, ved at hans sonar kranglar om trona, og ved at Belaur vinn trona ved hjelp av magikarar. Riket går no frå å vere på topp, til å nå ein botn, og slik er det fram til Helms regjeringstid. Det heile følgjer same mytiske struktur som Bibelforteljinga. Verden blir skapt, og er på eit høgdepunkt fram til syndefallet, som skjer heilt i starten av forteljinga. Og resten av forteljinga skjer med at verden er i denne gropa av synd, og håpet om å kunne komme tilbake til den toppen det ein gong var. Ved Elminsters hjelp så blir Athalantar nyskapt. Ved Kong Helm er det ei ny byrjing som Elminster innleier. Så sjølv om Elminster ikkje har noko med endetida å gjere, så har han noko med nyskapinga av Athalantar å gjere, og på ein slik måte òg kan reknast som ein eskatologisk skikkelse i Athalantar likevel.

Sjølv om Jesus er ein eskatologisk skikkelse så ender ikkje verden rett etter hans virke. Jesu daud og oppstode er eskatologisk i at det er ein første nyskaping, men vår verdens ende har ikkje komme enda. Menneska har blitt lova at han skal komme tilbake ved endetida og slik fullføre verden. Jesus startar ein prosess slik at verden ein gong skal bli fullført. Ein kan sei at Jesu oppstode er eit symbol på den kommande endetid. Slik Jesus daude og oppstod, blei øydelagd og nyskapt, slik skal òg både me menneske ein gong døy og stå opp, og heile Guds skaparverk bli øydelagd og nyskapt. Men så langt i historia har ikkje Jesus komme tilbake. Ser me på Elminster derimot, så er det ikkje noko tydeleg teikn på at han på nokon måte er knytt til Forgotten Realms endetid. Han kan mogleikens bli knytt til Athalantars nyskaping og endetid. Likevel så er det vanskeleg å finne noko som faktisk gjer Elminster til noko eskatologisk skikkelse. Det må i så fall vere noko me ser i ein framtidig forteljing viss den nokon gong blir fortalt.

⁸⁷ Richard Baker, Ed Bonny, and Travis Stout, *Lost Empires of Faerûn* (Wizards of the Coast Publishing, 2005). S. 88

5.5 *Messias skal vere gitt av Gud, da Gud er den som salvar.*

Messiasprofetiane legg vekt på at Messias skal komme frå Gud. Både Kong Saul og Kong David, dei første Messiasane, var utvald av Gud, og salvinga skjer og gjennom Guds profet, som er den som er kommunikasjonsslinken mellom Gud og folket.

Det er heller ikkje tvil om at Elminster er utsendt av ein gud. Men i ein så polyteistisk verden som *Forgotten Realms* er, så kan ein stille spørsmål med kor lett det er å overføre denne delen av messiasprofetiane, som tydeleg berer preg av eit monoteistisk gudsbilete, sjølv om dette er mindre strengt i kristendommen med treeiningslæra. Gud er framleis ein Guddom, men er tre personar. Kan Messias vere gitt av kva som helst gud, eller må det vere Israels Gud. I *Forgotten Realms* er det mange gudar, som representerer forskjellige ting, som òg kan ha sine utvalde som dei sender ut. Likevel er det noko spesielt med Mystra. Sidan ho er gudinna for magi, så er alt som er knytt til magi òg knytt til ho. Det er noko av det som gjer at ho er ein av dei sterkaste gudane i sitt panteon. Og sidan det heile handlar om magikarar, så kan magiens gudinne i *Forgotten Realms* og Israels Gud i Bibelen samanliknast.

Ein kan òg kommentere Elminsters naturlege eigenskap til å kunne sjå magi. Dette kjem ikkje så mykje fram i boka, men blir nemnt heilt i starten. Kor denne eigenskapen kjem frå får me heller ikkje vite noko om, men det peiker på at det kan bli forstått som eit indeks teikn, som peikar på Elminsters rolle som gitt av Mystra. Mystra seier òg, i møtet med Elminster, at ho har observert han lenge.⁸⁸ Med andre ord så er Elminster blitt utvald før han møter Mystra. Det som derimot gjer at han skil seg ut frå mange av dei utvalde me møter i bibelforteljingane, er at Elminster får eit val. Han kan velje å seie nei. I bibelforteljingar kor Gud kallar menneska så er gjentakande reaksjon at dei ikkje ønskjer å vere Guds utvald. Til dømes seier Moses til Gud «Høyr, Herre! Send heller ein annan!»,⁸⁹ og Jona rømmer frå Gud i båt (*Jona 1*). Men Elminster har påverknad på sin eigen utveljing. Likevel skal det her seiast at Mystra har mange utvalde i Faerün generelt, så Elminster blir berre med på laget. Til dømes møtte han òg Magisteren, Mystras fremste utvalde, før kallinga av Elminster. Det heile gjer det likevel litt meir komplisert. Er Elminster gitt av Mystra? Han er i alle fall ikkje noko avkom av Mystra, han har verdslege foreldre. Han er heller ikkje noko form for avatar eller anna skapning som Mystra

⁸⁸ Greenwood, *Elminster: The Making of a Mage*. S. 126

⁸⁹ 2 mos 4,13

sjølv har skapt for å gi til verden. Men når Mystra vel han til å fullføre ei oppgåve (og fleire etter kvart), så blir han sendt frå Mystra. Elminster er altså ikkje nødvendigvis gitt av Mystra, men utvald og utsendt. Han er valt av ho til å gjere ei oppgåve, men det blir framstilt meir som ein teneste enn som ein tvungen oppgåve, slik mange av kallingane Gud gjer i bibelforteljingane er. Ikkje minst så startar den første utveljinga med at Elminster, på eige initiativ, tek kontakt med Mystra, og Mystra vel å openberra seg for han.

Dei er begge sendt av ein gud, men på to forskjellige måtar. Når me ser på Jesus her, så er det vesentleg kva syn ein har på forholdet mellom Jesus og faderen. Som nemnt i kapittel 3.1.5, finns det noko som heiter adoptivteori, som framstill Jesus som Guds adoptivson. Her blir Jesus utvald til Guds son, ofte knytt til Jesu dåp. I det tilfellet kan ein sjå på Jesu dåp som ein profetkalling.⁹⁰ Dette synet på forholdet mellom Sonen og Faderen er ikkje det mest utbreidde, og kan gjerne oppfattast som kontrast til treeiningslæra, kor Sonen, Faderen og Anden er eitt. Sidan Jesus er Gud, så er òg Jesus evig, slik som me til dømes høyrer i den nikenske truvedkjenning «født, ikkje skapt, av same vesen som Faderen». Dette gjer at Jesus ikkje har noko kalling, slik som profetane elles, men blir introdusert til menneske gjennom sin fødsel. Kallinga av Elminster liknar meir på profetkallingar i GT, og enda meir på kallinga av Paulus i apostelgjerningane. Ein stor kontrast mellom Elminster og Jesus, er deira forhold til guden deira. Jesus har eit far son forhold, som me får vere vitne til i evangelia. Elminster har derimot eit meir erotisk kjærleiksforhold til Mystra. Ikkje berre med avataren Myrjala, som me møter både som Elminsters mentor og sidekick, men og i Elminsters kalling, og i avslutninga, som òg fungerer som Elminsters andre kalling.

5.6 Er Elminster ein Messias?

I dette kapittelet har eg sett på Elminster i lys av messiasprofetiane, og samanlikna Elminster som utvald med Jesus som Messias. Elminster blir framstilt i boka *Elminster: The Making of a Mage* som ein karakter som oppfyll store delar av profetiane. Det er òg både likskapar og forskjellar mellom Jesus som Messias og Elinster. Dei oppfyll begge messiasprofetiane, men korleis dei gjer det er forskjellig. Elminster har større fokus på det verdslege, mens Jesus har meir ein åndeleg oppfylling av profetiane. Begge har fokus på å fri folk frå undertrykking, både

⁹⁰ Peters, *God - the World's Future*. S. 197

verdsleg og meir metafysisk. Men her er metodane ganske forskjellige. Mens Elminster fører ein valdeleg kamp, så fokuserer Jesus på å skape nestekjærleik blant folket, og å gi Guds nåde. Dei er begge kongelege, og deler at dei er etterkommarar av ein stor konge i sin nasjon. I tillegg deler dei liknande narrativ struktur på deira tidlege liv, og dei deler det faktum at ingen av dei blir konge i sin verdslege nasjon. Forskjellen her er at Elminster gjev bort si trone, mens Jesus blir konge over heile verden. Som gjenforeinarar så er dei ganske forskjellige. Elminster gjenforeinar folket med overklassen og med magien, mens Jesus gjenforeinar alle folk i verda, slik som det er lova i løfta til Abraham. Dei deler den likskapen at dei begge introduserer ei nyskaping, men for Jesus er det ein mindre verdsleg, og meir metafysisk nyskaping, kor heile verda ein gang skal bli ny. Og dei er begge sendt av ein gud, men det er her stor forskjell i korleis utsendinga skjer og kva forhold dei har til sin Gud. Elminster får eit val ein gong i livet, men Jesus allereie er valt frå evigheit av, sidan han er eit med Gud.

6 Oppsummering

I denne oppgåva har eg analysert karakteren Elminster, med hovudfokus på romanen Elminster: The Making of a Mage. Dette har eg gjort for å finne svar på tre spørsmål:

- 1) I kva forstand kan me forstå Elminster som Den utvalde?
- 2) I kor stor grad kan me sjå på Elminster som ein frelseskikkelse?
- 3) I kor stor grad liknar Elminster på Jesus som Messias?

For å finne svar på dette har eg gjort greie for hovudtrekk ved messiasprofetiane, sett på korleis Jesus oppfyll desse profetiane, og gjort ein narratologisk analyse av karakteren Elminster, og boka The Making of a Mage, med innslag av semiotisk analyse. Til slutt har eg drøfta Elminster opp mot messiasprofetiane og samanlikna han med Jesus som Messias.

6.1 Elminster som Den utvalde

I forteljinga om Elminster så er det fleire ting som peiker på han som ein utvald. Hans eigenskap til å kunne sjå magi er ein indeks på hans framtid som magikar. Løvesverdet, som tok vare på etter sin far er òg ein indeks som peiker på han som kommande konge. Og i hans første møte med Mystra, som fungerer som ei kalling, så blir han eksplisitt utvald av gudinna til å bli ein sterk magikar, til å sigra over magifyrstane i landet Athalantar, og til å overta trona. Mystra vel òg å hjelpe han med denne oppgåva gjennom sin avatar, Myrjala, som er med på å vise korleis Mystra tenkjer at Elminster er den riktige for denne oppgåva.

6.2 Elminster som ein frelseskikkelse

Til dette spørsmålet har eg gjort greie for hovudtrekk i messiasprofetiane. Desse har eg samla saman i fem punkter:

- Messias skal fri folk frå undertrykking.
- Det skal vere ein konge.
- Folk skal gjenforeinast.
- Messias kjem ved endetida, og vil fullføre skaparverket og gjere verden til slik den var før syndefallet.
- Messias skal vere gitt av Gud.

Ut frå desse fem punkta, og frå analysen av Elminster, har eg drøfta kor vidt Elminster oppfyll desse aspekta av messiasprofetiane. Hovudmoment frå drøftinga er:

Elminster har stort fokus på frigjering frå undertrykking. Han vil frigjere Athalantar og dets folk frå magifyrstanes undertrykkande makt, og han vil frigjere magien slik at den ikkje berre er tilgjengeleg for overklassen. I Athalantar ser ein opp til den tidlegare kongen Uthgrael Aumar, som er Elminsters bestefar. Slik er han òg kongeleg, og oppfyll tanken om Messias som konge, slik Messias òg skulle vere etterkommar av David. Folket er splitta frå overklassa i Athalantar, med tyrannar utanfrå som styrer. Gjenforeininga som Elminster gjer er å gjenforeina folket med leiarane, ved å innsette ein av Athalantars folk som konge. I tillegg skjer det ei gjenforeining mellom folket og magien, når magi ikkje lengre er knytt til overklassen. Endetidsperspektivet er derimot ikkje tydeleg her, da korkje verda eller Athalantar går mot ein slutt. Derimot er det ei nyskaping, da Elminster startar ei ny kongeslekt ved å innsetje riddaren Helm som konge av Athalantar. Og ikkje minst så har Elminster blitt gitt av ein gud, ved at gudinna Mystra har valt han ut til å gjere denne oppgåva. Slik ser me at Elminster oppfyll desse profetiane, og fungerer som ein Messias for landet Athalantar.

6.3 Elminster og Jesus

Det siste spørsmålet er korleis liknar dette på Jesus som Messias? For å finne ut av det, har eg gjort greie for Jesus som Messias, med fokus på dei fem punkta. I drøftinga har eg punkt for punkt drøfta Elminster sin måte å oppfylle profetiane med Jesu måte å gjere dette på, og her er det både likskapar og forskjellar. Det som går igjen er at Jesus har fokus på noko meir enn det verdslege, mens Elminster har fokus på Athalantar. Som frigjerarar så har dei fokus på dei undertrykka, men det er forskjell på kven det er og kva metodar dei bruker. Elminster bruker vald til å fjerne dei som undertrykker, mens Jesus viser og lærer bort nestekjærleik, og gjev Guds nåde. Elminster har fokus på å frigjere folket av Athalantar frå den undertrykkande overklassen, og å frigjere magien, mens Jesus har fokus på å overvinne dauden som undertrykkande makt, men og undertrykking i samfunnet, slik at dei svake òg kan ta del i fellesskapet. Jesus er konge av Davids slekt, men han blir ikkje konge over ein nasjon, men Guds konge over verda. Elminster er òg av kongeleg slekt, kor hans bestefar var kongen folk såg opp til, men han gjev trona vidare og startar ei ny kongeslekt. Her deler dei likskapane at deira tidleg liv følgjer lik narratologisk struktur, og at dei begge er kodebrot på korleis ein konge blir framstilt. Jesus gjenforeinar både folket, ved å vise folk, og å lære bort nestekjærleik, slik at me kan ta vare på dei utstøyte, men samtidig skjer den mellom mennesket og Gud. Verden gjekk ikkje under med Jesus, men han starta nyskapinga med å døy og oppstå. Denne

nyskapinga skal skje med heile verda, når han ein gang kjem at. Elminster starta òg ei nyskaping av Athalantar som rike, men den er mykje meir verdsleg og mykje mindre enn det Jesus gjer. Og til slutt så kjem Jesus frå Gud ved at han er Gud sjølv. Gud blei menneske i Jesus, og kom til jorda. Slik er Jesus sendt av Gud. Mens Elminster har fått eit val om å bli Mystra sin utvalde. Ein kan sjå at på ingen av desse punkta er Elminster heilt lik Jesus men dei deler nokre likskapar. Elminster kan tolkast som å oppfylle desse profetiane, og han er ein freseskikkelse, men han har ein del forskjellar med Jesus.

6.4 Teologien, fantasy og populærkultur

Som eg skreiv i kapittel 1, så er ikkje Dungeons & Dragons ei forteljing, men eit forteljingsmedium. Forgotten Realms er eit fantasyunivers som har blitt skapt for å brukast i dette rollespelet, og Elminster er ein karakter i dette universet, som ein kan møte både i rollespelet, men òg i bøker, dataspel og liknande. I The Making of a Mage møter me forhistoria til denne trollmannen, og her har han ei rolle som Den utvalde. Han har òg ein del fellestrekk med dei forventingane ein hadde til Messias frå det Gamle Testamentet. Dette viser at ein kan finne bibelske motiv i fantasyrollespel og i fantasyforteljingar.

Populærkulturen er full av bibelske motiv, og fantasysjangeren er ikkje eit unntak. I denne oppgåva har me sett på nokon bibelske motiv i ei fantasyforteljing kor det ikkje var tydeleg at det fantes slike motiver, og basert på kritikken, kanskje ikkje eigentleg forventa å finne noko. Dette viser at ein kan finne bibelske, og ikkje minst kristne, motiv i forteljingar som finns i populærkulturen. Og det kan lære oss å vere opne for kva populærkulturen kan bidra med både i kyrkje, men og i teologien generelt.

Eg tenkjer at det er tre ting som kan jobbast vidare med her. For det første er mange forteljingar innan populærkultur, og sjølv om det er utruleg mange fantasyforteljingar, så utgjer dei berre ein liten del av alt som finns der ute. Forteljingar er viktig, og det kjem nye forteljingar heile tida. Difor er det òg relevant å jobbe med populærkulturelle forteljingar innan teologien, slik at me kan både forstå dei, men òg finne mening i dei. For det andre så er fantasyrollespel (inkludert Dungeons & Dragons) blitt meir og meir populære, og det er for mange ein viktig hobby. Dette er ein aktivitet som, for dei det gjeld, er meningsfull, men lite forska på i teologien. I denne oppgåva har fokuset vore å sjå med eit teologisk perspektiv på ein forteljing som er eit produkt av slike rollespel. Likevel er det berre ein liten del av kva som kan seiast om

desse. Her er det lite teologisk forskning, og ein kan sjå meir både på forteljingane, forteljingsuniversa og spelet som aktivitet. For det tredje så er det mange slike utvalde karakterar i fantasy litteraturen. Ein del har blitt sett på allereie, men her kan ein jobbe vidare og finne både messianske og kristologiske motiv på forskjellige karakterar. Ein kan ikkje ut frå ei oppgåve, om ein karakter, seie noko konkret som gjeld for alle, men eg kan sei at Elminster har likskapar til messiasprofetiane og Jesus som Messias, og da kan det òg vere interessant å sjå kor omfattande desse motiva er for slike karakterar.

7 Litteratur

- Baker, Richard, Ed Bonny, and Travis Stout. *Lost Empires of Faerûn*. Wizards of the Coast Publishing, 2005.
- Greenwood, Ed. "All about Elminster." *Dragon*, no. 110 (juni, 1986).
- Greenwood, Ed. "Down-to-Earth Divinity: One DM's Design for a Mixed & Matched Mythos." *Dragon*, no. 54 (oktober 1981).
- Greenwood, Ed. *Elminster: The Making of a Mage*. The Elminster Series. Lake Geneva, WI: TSR Inc, 1994.
- Greenwood, Ed, and Jeff Grubb. *A Grand Tour of the Realms*. Forgotten Realms Campaign Setting. Lake Geneva, WI: TSR Inc, 1993.
- Greenwood, Ed, and Jeff Grubb. *Running the Realms*. Forgotten Realms Campaign Setting. Lake Geneva, WI: TSR Inc, 1993.
- Gripsrud, Jostein. *Mediekultur, Mediesamfunn*. 5. utg. Oslo: Universitetsforl., 2015.
- Gutiérrez, Gustavo. *A Theology of Liberation : History, Politics, and Salvation*. Revised version. Teología de La Liberación. London: SCM Press, 1988.
- Hvalvik, Reidar. *Den Store Fortellingen : Om Bibelens Tilblivelse, Innhold, Bruk Og Betydning*. Oslo: Det Norske bibelselskap, 1999.
- Jeanrond, Werner G. *Theological Hermeneutics : Development and Significance*. London: SCM Press, 1994.
- Laycock, Joseph P. *Dangerous Games: What the Moral Panic over Role-Playing Games Says about Play, Religion, and Imagined Worlds*. 1st ed. Berkeley: Berkeley: University of California Press, 2015. <https://doi.org/10.1525/j.ctt13x1hs5>.
- Lynch, Gordon. *Understanding Theology and Popular Culture*. Malden, Mass: Blackwell, 2005.
- Mose, Gitte, Thorstein Norheim, Per Thomas Andersen, and Margunn Vikingstad. *Litterær Analyse : En Innføring*. Oslo: Pax, 2012.
- Peters, Ted. *God - the World's Future : Systematic Theology for a New Era*. 3rd ed. Minneapolis, Minn: Fortress Press, 2015.
- Svenungsson, Jayne. *Den Gudomliga Historien : Profetism, Messianism & Andens Utveckling*. Glänta produktion, 2014.

W.R.P.G. Team. *Dungeon Master's Guide*. Dungeons & Dragons 5th Edition. Wizards of the Coast Publishing, 2014.

W.R.P.G. Team. *Player's Handbook*. Dungeons & Dragons 5th Edition. Wizards of the Coast Publishing, 2014.

W.R.P.G. Team. *Sword Coast Adventurer's Guide*. Dungeons & Dragons 5th Edition. Wizards of the Coast Publishing, 2015.

W.R.P.G. Team. *Volo's Guide to Monsters*. Dungeons & Dragons 5th Edition. Wizards of the Coast Publishing, 2016.